



Høgskulen
på Vestlandet

BACHELOROPPGÅVE

Har du tid til meg?

Korleis kan pedagogisk leiar arbeida for å oppdaga og følgja opp sårbare barn?

Do you have time for me?

How can the kindergarten teacher work to discover and follow up vulnerable children?

Kandidatnummer 296, 370 og 435

BLUBACH 2020/2021

Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett

Institutt for pedagogikk, religion og samfunnsfag

Rettleiar: Wenche Aasen

Innleveringsdato: 31.05.2021

Mengde ord: 13 692

Me stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilmesingar til alle kjelder som er nytta i arbeidet er oppgitt, jf. *Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.*

Forord

Det går mot slutten av bachelorstudiet i barnehagelærerutdanninga ved Høgskulen på Vestlandet. Me ser tilbake på tre lærerike og spanande år. Me ser fram til å utøva kunnskapar me har egna oss gjennom utdanningsløpet, og utvikla vår kunnskap i arbeidslivet.

Å skriva bachelor i barnehagelærerutdanninga har gitt oss ei bratt læringskurve. Bacheloroppgåva har auka vår medvit om sårbare barn i barnehagen.

Me vil takka vår rettleiar, Wenche Aasen, for gode tilbakemeldingar, råd og innsiktsfull rettleiing. Det har gjort at me kan forbetra oppgåva vår på best mogleg måte.

Me ynskjer å takka våre tre informantar som deltok i forskinga vår. Dei bidrog med kunnskap, erfaring og gode refleksjonar som gjorde det mogleg å gjennomføra oppgåva vår.

Me vil og takka dei rundt oss for støtte og rettleiing.

Til slutt vil me takka kvarandre, for gode diskusjonar.

Abstract

The purpose of this paper is to figure out how the kindergarten teacher can discover and follow up vulnerable children in the kindergarten. In this paper we have focused on children without a diagnosis or disabilities.

The paper examines resilience, observation, affiliation, teamwork, cooperation with other instances, cooperation with the children's parents and what makes children vulnerable. A qualitative methodology is used to examine the problem, where experienced kindergarten teachers are interviewed on the subject. The results show that increased staffing, as well as developing the staff's knowledge about vulnerable children, could make it more possible to discover risk factors and support all the children. The results find that being present with the children and working with affiliation, can be important to discover and follow up vulnerable children. The paper also finds good cooperation with the parents and structural observing as important methods to discover and facilitate in the best interest of the child.

Innholdslista

<i>Forord</i>	2
<i>Abstract</i>	3
<i>Figurlista</i>	6
1.0 Innleiing	7
1.1 Bakgrunn for val av tema og problemstilling	7
1.2 Oppgåva si oppbygning	8
2.0 Teoretisk forankring	10
2.1 Resiliens	10
2.1.1 Beskyttelsesfaktorar og risikofaktorar	11
2.1.2 Tilknytning	13
2.2 Teamleiing og teamlæring	14
2.3 Observasjon	15
2.4 Foreldresamarbeid	16
2.5 Samarbeid med andre instansar	18
2.5.1 Covid-19 og arbeidet med sårbare barn	19
3.0 Metode	20
3.1 Val av metode	20
3.2 Val av informantar	21
3.3 Datainnsamling	21
3.4 Validitet og relabilitet	22
3.5 Etiske omsyn	23
4.0 Resultatpresentasjon	24
4.1 Resiliens	24
4.1.1 Risikofaktorar	24
4.1.2 Beskyttelsesfaktorar	25
4.1.3 Tilknytning	25

4.2 Samarbeid med andre instansar	28
4.3 Teamleing	29
4.3.1 Mål, rammer, prosedyrar og rutinar for oppfølging	32
4.4 Observasjon	33
4.6 Foreldresamarbeid	35
4.7 Korleis betra arbeidet med sårbare barn?	36
5.0 Drøfting	38
5.1 Korleis oppdaga sårbare barn?	38
5.1.1 Risikofaktorar	38
5.1.2 Foreldresamarbeid	39
5.1.3 Teamleing og teamlæring	39
5.1.4 Observasjon	39
5.2 Korleis følgja opp sårbare barn?	40
5.2.1 Beskyttelsesfaktorar	40
5.2.2 Tilknytning	41
5.2.3 Foreldresamarbeid	41
5.2.4 Teamleing og teamlæring	42
5.2.5 Korleis betra arbeidet med sårbare barn?	44
6.0 Oppsummering	45
Litteraturliste	47
Vedlegg	50
Vedlegg 1: Informasjonsskriv med samtykkeerklæring	50
Vedlegg 2: Intervjuguide	53
Vedlegg 3: Godkjenning frå NSD	56

Figurlista

Figur 1. Modell for utvikling av resiliens.	12
Figur 2. COS -Tryggleikssirkelen.....	13

1.0 Innleiing

Korleis kan pedagogisk leiar arbeida for å oppdaga og følgja opp sårbare barn?

1.1 Bakgrunn for val av tema og problemstilling

Gjennom vår praksis i barnehagar har me erfart barn som krev ekstra tilrettelegging, ressursar eller tid frå personalet. I utdanningsløpet er sårbare barn eit lite dekkja tema. Me vil forska på korleis pedagogisk leiar kan arbeida med eventuelle metodar og handlingar for å oppdaga og følgja opp sårbare barn.

Problemstillinga for oppgåva er difor slik: *Korleis kan pedagogisk leiar arbeida for å oppdaga og følgja opp sårbare barn?*

Rammeplan for barnehagen (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 15) legg fram at pedagogisk leiar har ansvaret for å setja i verk og leia det pedagogiske arbeidet. Det blir også skildra at alle i barnehagen skal samarbeida for å oppfylle mål og innhald i Rammeplan for barnehagen. Pedagogisk leiar har difor eit ansvar for at heile personalet kan bidra i arbeid med sårbare barn. Pedagogisk leiar kan utvikla kunnskapar om sårbare barn hjå personalet. Alle i barnehagen arbeider med barna og treng difor kunnskapar om sårbare barn for å kunna oppdaga og følgja dei opp.

«Alle handlingar og avgjerder som gjeld barnet, skal ha barnets beste som grunnleggjande omsyn, jf. Grunnlova § 104 og barnekonvensjonen art. 3 nr. 1. Det er eit overordna prinsipp som gjeld for all barnehageverksemd»
(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 8).

Med utgangspunkt i sitat frå Kunnskapsdepartementet skal personalet i barnehagen alltid arbeida for barn sitt beste. Me ynskjer difor å retta fokus på korleis ein pedagogisk leiar kan arbeida for alle barn sitt beste. Ingen barn er like, og alle har ulike behov. Me ynskjer at vår oppgåve kan vere med på å skapa meir medvit om sårbare barn og ivareta barn sitt beste.

Sårbare barn er eit vidt omgrep som kan vere vanskeleg å definera. Me møter på ulike definisjonar av sårbare barn som trekk fokus mot omsorgssvikt av barnet (Killén & Olofsson, 2003; Kvello, 2010; Hansen, 2014). Me har også sett på forskning som avgrensar det sårbare barnet spesifikt mot ein diagnose eller ein risiko, som t.d. vanskar frå fødsel (Folkehelseinstituttet, 2015; Bergset, 2013).

Ei gruppe barn som ofte vert sett på som sårbare er barn med funksjonsnedsettingar. Anne I. H. Borge (2018, s.12-20) skildrar at det er via ein del forskning f.eks. Werner (2001) til barn med funksjonsnedsettingar. Desse barna har fleire rettigheitar til tilrettelegging og hjelp, då barn med nedsett funksjonsevne er sikra at kommunen skal leggje til rette for eit egna barnehagetilbod (Barnehageloven, 2005, §37). Arbeidet for å få det dei har krav på, kan vere utfordrande, men rettigheitar og tiltak er lettare tilgjengeleg. Me synast sårbare barn, som har diagnose, er eit godt dekkja område. Me ynskjer difor å fokusera på barn utan diagnosar og funksjonsnedsettingar.

Me ynskjer å forska på eit meir generelt syn på sårbare barn. Statusrapport 12 for utsette barn og unge sine tenestetilbod under covid-19-pandemien (Regjeringa, 2021), skriv at sårbarheit hjå barn og unge kan skuldast: barn som har behov for ekstra oppfølging, foreldre som har behov for ekstra oppfølging, familie i ein sårbar situasjon eller ein kombinasjon av risikofaktorar (Regjeringa, 2021). Me ynskjer å legge definisjonen frå statusrapport 12 til grunn for kva eit sårbart barn kan vere. Me ynskjer ikkje å sjå på ein spesiell risikofaktor, som t.d. omsorgssvikt, men heller på ulike typar risikofaktorar som kan gjere barn sårbare og korleis barnehagen kan fungera som beskyttelsesfaktor.

Resiliens handlar om eit individ si evne til å klare seg bra i livet trass erfaring med ulike risikofaktorar (Borge, 2018, s.21). Me vil nytte resiliensteori for å sjå korleis barna sine risikofaktorar og beskyttelsesfaktorar utviklar barna sin resiliens, og kva rolle barnehagen har i resiliens prosessen. Me vil kome tilbake til resiliens, risikofaktorar og beskyttelsesfaktorar i kap. 2.1.

Basert på statistikk, forskning og anslag frå Folkehelseinstituttet vert det anslått at sårbare barn og unge utgjer minst 20 prosent av barn og unge (Regjeringa, 2021). 92,8% av alle barn i alderen 1-5år har plass i barnehagen per 2. mars 2021. Det utgjer 272 264 barn (Statistisk sentralbyrå, 2021). Dersom ein tek utgangspunkt i at 20% av alle barn og unge er sårbare, tyder det at det er over 54 000 sårbare barn i barnehagen. Altså over 54 000 barn kan ha behov for ekstra tilrettelegging, som gjer at me ynskjer å setja fokus på denne gruppa i oppgåva vår.

1.2 Oppgåva si oppbygning

Me har delt oppgåva vår inn i kapittel med underoverskrifter. Me har starta med ei innleiing der me belyste bakgrunn for val av tema og problemstilling. Me vil i teoridelen presentera sentrale teoriar som er knytt til leiing og sårbare barn, basert på eit breidt utval relevant teori. I

kapittelet om metode vil me presentere val av metode og informantar, og drøfte styrker og svakheiter knyta til metoden. Me vil og skildra datainnsamlinga og etiske omsyn til metoden. I det fjerde kapittelet vil me presentera resultatet, før me vil drøfta dei ulike funna i lys av teori i kapittel fem. Avslutningsvis vil me følgja opp med ein oppsummering.

2.0 Teoretisk forankring

I teoretisk forankring vil me gjere greie for relevant teori knyta til problemstillinga vår:

Korleis kan pedagogisk leiar arbeida for å oppdaga og følgja opp sårbare barn? Teori me har valt og opplever som relevant for arbeidet med å oppdaga og følgja opp sårbare barn er resiliens, tilknytning, teamleing, observasjon, foreldresamarbeid og samarbeid med andre instansar.

2.1 Resiliens

I denne oppgåva vil me nytta omgrepa resiliens, risikofaktorar og beskyttelsesfaktorar for å skildra sårbare barn. I arbeidet med sårbare barn kan resiliens teori leggje eit grunnlag for ein pedagogisk leiar til å sjå alle sider ved barnet, og barnet som eit enkelt individ og del av eit samfunn. Grunnlaget kan gi forståing til korleis ein kan arbeida for positiv utvikling hjå sårbare barn.

Borge (2018) og Arve Gunnestad (2014) forklarar resiliens teori. Gunnestad (2014, s.324) skildrar at resiliens omhandlar eit materiale si evne til å gjennvinne si opphavlege form etter å ha vorte strukke, bøygd eller pressa. Medan Borge (2018, s.11) skildrar at ordet kan tyde motstandskraft, robustheit, seigheit eller uthaldenheit. Borge (2018) skriv at resiliens tyder å fungera godt trass erfaringar med alvorleg risiko. Det kan ein sjå igjen i barnehagen ved at barn utviklar seg positivt på trass av utfordrande bakgrunn. Borge (2018, s.11) skriv at summen av beskyttelsesfaktorar og risikofaktorar er det som dannar kvar enkelt person sin resiliens. Ulike risiko- og beskyttelsesfaktorar kan ha ulik verdi. Til dømes kan eit barn vekse opp i fattigdom, ha manglande stønad frå foreldre og manglande nettverk, men likevel klare seg godt fordi skulen og barnehagen er ein god beskyttelsesfaktor. Resiliens er tilstades når nokon synar ei betre fungering samanlikna med andre og har lidd under same elendigheit og stress (Rutter, 2012, referert i Borge, 2018, s.21).

Det har skjedd eit paradigmeskifte innan resiliensforskinga. Resiliens er i dag eit fagleg anerkjent omgrep, som det er forska ein del på, men det har ikkje alltid vore forstått på same måte som i dag. Borge (2018, s.45) skildrar at tidlegare vart resiliens nytta til å definere bestemte personlegdomstrekk hjå barn. Dette kunne fremja eit inntrykk av at nokre barn har ei naturleg motstandskraft til å kome gjennom vanskelege periodar, medan andre er dømd til å feile.

Det er fleire forskarar som uttalar seg om metaforen *løvetannbarn*, og omgrepa motstandsdyktige eller sårbare barn (Borge, 2010: Kvello, 2010: Sommer, 2014: Gunnestad,

2014). Metaforen uttrykkjer at nokre barn frå vanskelegstilte miljø har tilstrekkeleg personleg styrkje til å klara seg trass for ugunstige oppvekstvilkår (Sommer, 2014, s.34). Harry Potter og Pippi Langstrømpe er *løvetannbarn* som klarar seg godt, på trass av ein utfordrande oppvekst.

Øyvind Kvello (2010, s.156) seier at *løvetannbarn* ikkje var eit godt omgrep, fordi det kunne gi eit inntrykk av at barna ville tola nesten alle moglege påkjenningar. Dion Sommer (2014,s.34) legg til at i dei seinare åra har fokuset endra seg frå barnet sine indre beskyttande faktorar til den konteksten barnet lev innanfor. Også Gunnestad (2014,s.324) bekreftar at forskinga no ser barnet både som eit individ og som del av eit større samfunn. Han skriv at resiliens anerkjenner barnet sine sterke og svake sider og tek for seg heile barnet, dei fysiske, psykiske, sosiale, emosjonelle og intellektuelle sidene ved barnet.

2.1.1 Beskyttelsesfaktorar og risikofaktorar

Pedagogisk leiar kan leggja til rette for å utvikla barn sin resiliens gjennom å oppdaga kva risikofaktorar som kan gjere barn sårbare og kva beskyttelsesfaktorar som kan gi positiv utvikling. Gunnestad skildrar risikofaktorar som faktorar i barnet, i barnet sitt miljø eller i kulturen, som aukar sannsynet for at barnet utviklar vanskar (Haugen, 2008, referert i Gunnestad, 2014, s.325). Medan beskyttelsesfaktorar handlar om å redusere verknad av risikofaktorar (Gunnestad, 2014, s.338).


Ifølgje Gunnestad (2014, s.325) kan risikofaktorar vere akutte eller kroniske og me skil mellom individuell og familiær risiko eller miljømessig risiko. Han skildrar individuell risiko som faktorar i barnet, medfødte skader, for tidleg fødsel, funksjonsnedsetting, sjukdom, temperament, sensitiv eller mottakeleg for sjukdom og stress. Vidare skildrar Gunnestad familiære årsakar som fysisk eller psykisk sjukdom i familien, alkoholmisbruk, omsorgssvikt, disharmoni eller vald i familien og asosiale relasjonar. Miljømessig risiko kan vere arbeidsledigheit, fattigdom, dårlege bu eller leikemiljø, hyppig flytting, krig, terror eller naturkatastrofar.

Gunnestad (2014, s.327 – 335) skriv at beskyttelsesfaktorar kan vere ein trygg tilknytning, som t.d. ein lærar, trenar, tante eller foreldre. Vidare omtale han beskyttelsesfaktorar som eigenskapar som intelligens, temperament, fysisk robustheit, utsjånad, humor, eller det kan vere religion, livssyn, verdiar.

Gunnestad (2014, s.326) skildrar beskyttelsesfaktorar som ulike typar faktorar som mildnar verknaden av risikofaktorarar og fremjar helse og positiv utvikling. Han skriv at i dei

siste åra har resiliensforskninga fokusert på å finne ut korleis beskyttelsesfaktorane leiar til meistring og positiv utvikling hjå risikoutsette barn. Gunnestad har delt beskyttelsesfaktorane inn i tre hovudgrupper:

1. Nettverksfaktorar
2. Eigenskapar og ferdigheitar
3. Mening, verdiar og tru




Figur 1. Modell for utvikling av resiliens. Frå *En barnehage for alle* (s.338), av A. Gunnestad, 2014, Oslo: Universitetsforlaget.

Figur 1. er Gunnestad (2014, s.338) sin modell for utvikling av resiliens. Han nyttar Rutter (1990) sine fire måtar resiliens kan verka på. Tek ein utgangspunkt i Rutter sin modell, kan ein sjå korleis barnehagen kan arbeida med og bidra i prosessane til barna sin resiliens. Modellen gir ei god oversikt over moglege beskyttelsesfaktorar og korleis dei verkar. Ein kan nytta modellen til å kartleggja kvar enkelt barn sine beskyttelsesfaktorar, der ein til dømes ser på kva nettverk barnet har eller om barnet har eigenskapar som barnehagen kan lyfta fram.

2.1.2 Tilknytning

Alle barn treng trygge vaksne, og for sårbare barn kan trygge vaksne i barnehagen vere ein beskyttelsesfaktor. Fleire forfattarar skriv om tilknytning og nettverk som viktig for menneske sin utvikling (Gunnestad 2014; Powell, et al., 2015). Gunnestad (2014, s. 327-329) skriv at nettverksfaktorar er ei hovudgruppe innanfor beskyttelsesfaktorar. Han legg fram at menneske er sosiale individ, og avhengig av kontakt og forhold til andre menneske for å fungera og trivast. Gunnestad skildrar at å ha minst ein trygg tilknytning er ein beskyttelsesfaktor. Minst ein trygg tilknytning tyder her at barnet har minst ein person med eit trygt, fortruleg og føreseieleg forhold til. Bert Powell, Glenn Cooper, Kent Hoffman og Bob Marvin (Powell et al., 2015, s.37) er også opptatt av tilknytning og skildrar korleis barn ikkje berre har essensielle behov for mat og beskyttelse, men og for emosjonell varme, trøst, utvikling av sjølvstendigheit, sjølvkjensle og ei kjensle av at menneske si verd er ein positiv plass.



Figur 2. COS -Tryggleikssirkelen. Frå *Trygghets sirkelen – en tilknytningsbasert intervensjon* (s. 47), av B. Powell., G. Cooper & K. Hoffman og B. Marvin, 2015, Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS

Figur 2. synar modellen *circle of security*, omset til *tryggleikssirkelen*, som er laga av Powell (et al., 2015, s.46). Figur. 2 kan verta oppfatta som ein modell for å utvikla trygg tilknytning der ein omsorgsperson er tilgjengeleg og tar hand om barnet sine behov. Dei skildrar at kjernen i å utvikla trygg tilknytning er barnet sin sikkerheit om at omsorgspersonen er emosjonelt tilgjengeleg til å vere saman med barnet. I tryggleikssirkelen synar Powell føresetnadar barnet har for å utforska og utvikla seg, som er å ha ein primær omsorgsperson

med trøst, beskyttelse og oppmuntring. I barnehagen kan ein nytta dei føresetnadane som eit veikart i tilknytning med sårbare barn.

2.2 Teamleing og teamlæring

For å oppdaga og følgja opp sårbare barn krev det eit fagleg godt team leia av ein pedagogisk leiar. For å definera eit team vil me trekkja fram Katzenbach og Smith (referert i Aasen, 2018, s.16) sin definisjon; «Et mindre antall menneske med komplementære ferdigheter, forpliktet til en felles hensikt, felles resultatmål og felles tilnæringsmåte som man holder hverandre gjensidig ansvarlig for». Eit team i barnehagen kan bestå av assistentar, fagarbeidar, pedagogar og andre som arbeider på avdelinga eller basen.

I styringsdokumentet for barnehagen står det at ein pedagogiske leiar skal rettleia og sørgja for at barnehagelova og rammeplanen vert oppfylt gjennom pedagogisk arbeid (Kunnskapsdepartementet, 2017, s.16). Wenche Aasen (2018, s.21) presiserer at styrar og pedagogiske leiarar står ansvarleg for å utvikla kompetansar hjå assistentane i barnehagearbeidet, for å fremja kvalitet. Vidare skriv Aasen (2018, s.99) at pedagogisk leiar som teamleiar på sin avdeling eller base, har eit fagleg og relasjonelt ansvar for teamarbeidet og for at arbeidsprosessane leiar til kvalitet i arbeidet med barna. Pedagogisk leiar vil på bakgrunn av leiaransvaret påverka kvaliteten, arbeidsmåtar og innhald i arbeidet med sårbare barn i sitt team.

Personalet kan læra om oppdaging og oppfølging av sårbare barn ved å dela kunnskar om sårbare barn. Aasen (2018, s.31) skriv om teamorganisering der pedagogisk leiar kan organisera teamet og teamet sine kompetansar for at alle kan nytta kompetansane. Ho skriv vidare at å organisera teamet til å arbeida saman vil stimulera til teamlæring der ein deler kunnskap og erfaring. Pedagogisk leiar kan stimulera til teamlæring gjennom ein delingskultur. Ein delingskultur er tilstade når personalet kan dela eigne kompetansar med kvarandre (Aasen, 2018, s.126). Samstundes er tillit til kvarandre eit naudsynt grunnlag for å kunna dela kompetansar og reflektera i teamet (Aasen, 2018, s.77). Teamet kan byggja tillit og ein delingskultur for å utvikla kunnskar om sårbare barn.

Aasen (2018) meiner at gjennom å vere deltakar i ein sosial praksis i barnehagen, vil ein i teamarbeidet utvikla kompetansar. Vidare skriv ho at læring synar seg når det er samspel mellom teammedlemmar, for eksempel på kurs, personalmøter eller planleggings dagar. Frå eit sosialt samspel vil difor teammedlemmar utvikla kunnskar om oppdaging og oppfølging av sårbare barn.

Mål og innhald ein har i teamet vil påverka korleis ein arbeider med sårbare barn. Ifølge Aasen (2018, s.18) sikrar og fastheld pedagogisk leiar barnehagen sine mål og verdier, og samtidig behandlar kvart teammedlem ut frå ulike kompetansar og behov dei har i ein organisasjon. Pedagogisk leiar har difor eit overordna ansvar, men Aasen (2018, s.34) påpeikar at mål og innhald vil utvikla seg etter teamet og menneska i ulike team. Både pedagogisk leiar og teammedlem vil difor påverka mål og innhald i teamet.

Pedagogisk leiar har eit overordna ansvar i sitt team om å fremja kvalitet i arbeidet med sårbare barn. Tal frå ei undersøking utført av Kunnskapsdepartementet i 2015 synte at barnehagelærarane nyttar 20 prosent av si arbeidstid saman med barn. Samtidig nyttar assistentar 80 prosent av tida saman med barn. Pedagogiske leiarar har møter og administrativt arbeid, utanom å vere tilstade på avdelinga (Utdanningsspeilet, 2019). Tala synar at ved å heva kompetansen i barnehagen, kan det vere med å heva kvaliteten og moglegheita til å oppdaga og følgja opp sårbare barn.

2.3 Observasjon

I teamet kan pedagogisk leiar utvikla kunnskapar om observasjon. Dagleg observerer tilsette barn i barnehagen. Ved å bruka observasjon som reiskap kan ein avdekkja sårbare barn og følgja dei opp på best mogleg måte. Kunnskapsdepartementet (2017, s.37) skriv at planlegging skal vere basert på kunnskap om barnet sin trivsel og allsidige utvikling. Det skal også vere basert på observasjon, dokumentasjon, refleksjon, systematisk vurdering og samtalar med barn og foreldre. Tilsette treng difor kunnskap om observasjon for å oppdaga barn sine uttrykk og behov, og kunna planleggja god oppfølging av sårbare barn.

Gunvor Løkken og Frode Søbstad (2013) skildrar observasjon som viktig for å oppdaga og følgja opp sårbare barn. Dei skriv at ordet *observasjon* kjem frå latin og tyder åtgåing eller undersøking. Å observera er å leggja merke til, undersøkje eller halda utkikk med noko (Løkken & Søbstad, 2013, s.40). Observasjonar kan vere av samspel situasjonar barn til barn, vaksen til barn, og relasjonen mellom tilsette og foreldre.

Løkken og Søbstad (2013) skildrar at observasjon som vert gjennomført dannar grunnlag for refleksjon og vidare arbeid. Dei skriv om observasjon som ein av dei viktigaste reiskapane ein har for å kunna leggja til rette for gode tilbod til enkeltbarn, men og til heile barnegrupper (Løkken & Søbstad, 2013, s.41). Hillevi Taguchi (2015, s.103) skriv også om dokumentasjon som eit reiskap då det er basis for våre refleksjonar om det som har skjedd. Han meiner at felles diskusjon og refleksjon kan føra til evaluering og utvikling (Taguchi,

2015, s.106). Når ein observerer, registrerer ein det som skjer ved hjelp av sansane sine og tolkar det i samanheng med tidlegare sanseinntrykk og erfaringar ein har (Sandseter, Hagen & Moser, 2013, s.235). Kvar teammedlem kan difor ha forskjellig tolking av det dei har observert. Ved å samtale med kollegaer og fagpersonar, og planleggje og arbeide systematisk, kan ein reflektera og drøfta observasjonane. Ulike refleksjonar og tolkingar kan fremja ulike løysningar i arbeidet med sårbare barn.

Løkken og Søbstad (2013), og Clas Jostein Claussen (2010) synar viktigheten av presis observasjon. Løkken og Søbstad (2013, s.18) skildrar at ein barnehagetilsett som nyttar observasjon på ein systematisk måte, kan ha informasjon å trekkja fram i høve til kommunikasjon med foreldra. Når ein barnehagetilsett har observert barnet, kjenner barnet og har presis informasjon om barnet, kan det gi eit godt utgangspunkt for gode foreldresamtalar og løysningar for tilrettelegging av sårbare barn. Claussen (2010, s.61) trekk fram at eit barn som ser ut til å ha det bra og «vere tilstades» på dei fleste områder, kan likevel ha risikofaktorar. Dokumentasjon ein utfører om barn og risikofaktorar, er difor viktig å kvalitetssikre, for og vere sikker på at det ein har observert er noko å gå vidare med.

2.4 Foreldresamarbeid

Eit godt foreldresamarbeid er viktig for at sårbare barn vert oppdaga og følgt opp. Me vel i denne oppgåva å nytte omgrepet foreldre om barna sine omsorgspersonar, sjølv om nokre barn har andre føresette, då det er dette omgrepet teorien og informantane våre nyttar.

«Samfunnsmandatet til barnehagen er, i samarbeid og forståing med heimen, å ivareta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for ein allsidig utvikling.» (Kunnskapsdepartementet, 2017, s.7)

I sitat frå rammeplanen er barn si danning, utvikling, leik og læring knytt til foreldra si tillit, samarbeid og trivsel med barnehagen. Ifølgje rammeplanen skal samarbeidet mellom heimen og barnehagen alltid ha barnet sitt beste som mål (Kunnskapsdepartementet, 2017, s.29).

Vibeke Glaser (2018, s.78) skriv om foreldresamarbeid og skildrar at eit godt samarbeid med god kommunikasjon mellom barnehagen og familien er grunnleggjande for barn sin trivsel, danning og utvikling. Ho meiner at eit godt foreldresamarbeid føresetjar at barnehagepersonalet har utvikla haldningar, respekt og forståing for at foreldre er ulike.

Pedagogisk leiar har eit overordna ansvar for samarbeidet med foreldra. Den pedagogiske leiaren møter foreldra på foreldresamtalar og er den foreldra vend seg til når dei lurer på noko, då den pedagogiske leiaren vert sett på som leiar av avdelinga. Den pedagogiske leiaren skal i samarbeid med teamet leggje til rette for god tillit og kommunikasjon med foreldra. Om barnehagen oppdagar eit sårbart barn og ynskjer å samarbeida med andre instansar, behøver ein foreldra sitt samtykkje. Samarbeidet med foreldra bør vere tilstades for å gjere samtykkjeprosessen lettare.

Glaser (2018, s.142) hevdar og at eit foreldresamarbeid kan ein sjå igjen i gjensidig respekt for kvarandre sine ferdigheitar, kunnskapar, haldningar, eigenskapar og erfaringar. Ho skildrar også at tilsette i barnehagen må fremja for foreldra at dei er barnehagen sin viktigaste samarbeidspartner, for å sikra barnet sitt beste. Foreldresamarbeid er ein stor del av det pedagogiske arbeidet i barnehagen. Foreldra er ein ressurs for barna, som må nyttast med ein profesjonell haldning av tilsette. Samarbeidet mellom foreldre og tilsette omhandlar utveksling av informasjon om barnet (Glaser, 2018, s. 77). Eit godt foreldresamarbeid som Glaser skildrar vert difor ein stor ressurs for å samarbeida om oppdaging og oppfølging av sårbare barn.

Forfattarar, som Glaser og May Britt Drugli og Ragnhild Onsøyen vektlegg tillit i eit foreldresamarbeid. Glaser (2018, s.128) presentere tillit som grunnlag for ein samarbeidsrelasjon og skildrar vidare viktigheita av å utvikla god og positiv kontakt med foreldra. Ho legg fram korleis sårbare foreldre, eller foreldre som har barn med ulike vanskar, oftast er dei som unngår samarbeidet. Drugli og Onsøyen (2010, s.12) skildrar at foreldra skal ha ei kjensle av at dei møter tillit hjå barnehagen, i samarbeid og barnet som går i barnehagen. Difor vert dialog og tillit mellom barnehagen og foreldre viktig for å utvikla god kontakt og utveksling av informasjon. På den måten vil ein ha moglegheita til å oppdaga sårbare barn og leggja til rette for dei i samarbeid med foreldra. I barnehagen kan ein til dømes starta dialog gjennom ein observasjon av eit barn eller om relasjon til barnet. Ein observasjon av eit barn kan vere eit godt utgangspunkt for dialog med foreldra (Løkken & Søbstad, 2013, s.41).

Ved å byggja tillit og relasjon til foreldra kan det verta meir openheit for bekymringar. Glaser (2018, s.149) skildrar at foreldra, barnehagetilsette og andre omsorgspersonar kan verte bekymra for eit barn, for relasjonar mellom barn, eller mellom barn og vaksne. Då meiner ho at ein må ta bekymringar på alvor ved og aktivt lytta, og stilla gode spørsmål, som til dømes korleis dei opplever barnet heime og kva forventingar dei har til barnehagen. Om

ein pedagogisk leiar er usikker på kva ei bekymring handlar om, er det betre med ærlegdom enn å agera allvetande.

Barnehagen har eit samfunnsmandat og eit verdigrunnlag som det er barnehagen si oppgåve å forvalte. Kvistad og Søbstad (2005, s.64) presiserer at samarbeidet mellom barnehage og foreldre tyder mykje for korleis foreldra erfarer barnehagen. Samstundes som barnehagen arbeider etter eit mandat og eit verdigrunnlag har også foreldra meiningar, forventingar og tankar om barnehagen sitt innhald og tilbod. Glaser (2018, s.145) meiner at barnehagetilbodet skal vere for alle barn i barnehagen, samtidig skal det vere fokus på kvart enkelt barn. Dette meiner ho vil påverke teamet sine arbeidsmåtar.

I foreldresamarbeid om sårbare barn kan rettleiing vere ein arbeidsmetode for å best mogleg leggja til rette for barn. Nina Carson og Åsta Birkeland (2017, s.36) skildrar rettleiing som ei handlingsretta, etisk, kognitiv, relasjonell og emosjonell prosess. Dei meiner kvaliteten på rettleinga vil vere avhengig av rettleiar sin kompetanse, og relasjonen mellom rettleiar og veisøkjjar (Carson & Birkeland, 2017, s.56-57). Det bør vere bygd ein relasjon mellom foreldra og pedagogisk leiar før rettleiing, men ein bør vurdere korleis rettleiinga skal gå føre seg etter kva relasjon ein har til foreldra. Pedagogisk leiar og personalet kan vere ein viktig støttespelar, samtalepartner og rettleiar for foreldre og barn som er sårbare.

2.5 Samarbeid med andre instansar

Når ein skal følgja opp sårbare barn kan det vere nyttig å samarbeida med andre instansar. Barnehagen er ein institusjon som dei fleste familiar har dagleg kontakt med. Ifølgje Glaser (2018, s.156), på bakgrunn av at barnehagen er ein pedagogisk institusjon, bør pedagogisk leiar ha kjennskap til det offentlege hjelpe- og støtteapparatet slik at dei kan støtte både foreldre og medarbeidarar i søk etter fagleg oppdatering og juridiske rettigheitar.

Vidare skildrar Glaser (2018, s.156) at ein deler det offentlege hjelpe- og støtteapparatet inn i to forvaltningsnivå: det kommunale og det statlege.

På kommunalt forvaltningsnivå (førstelinjetenesta) er det barnehage, skule, skulefritidsordning og Pedagogisk psykologisk teneste (PP). PP-tenesta kan støtte barnehagane i arbeidet med kompetanse- og organisasjonsutvikling for å leggja til rette barnehagetilbodet for barn med spesielle behov. Innan kommunale helse- og omsorgstenester er det helsestasjonen med ansvar for helsefremjande og førebyggjande helsetenester, ergo- og fysioterapitenesta, legar og psykologar. Vidare omtalar ho den kommunale barneverntenesta, som har ansvar for hjelpetiltak og førebyggjande arbeid.

På eit statleg forvaltningsnivå (andre- og tredjelinjetenesta) har me statleg spesialpedagogisk teneste, spesialhelsetenesta med t.d. barneavdeling på sjukehus og habiliteringstenester og barn- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk (BUP) (Glaser, 2018, s.156).

2.5.1 Covid-19 og arbeidet med sårbare barn

Regjeringa har oppretta ei ressursgruppe som skal sjå på kva konsekvensar smitteverntiltaka rundt covid-19 har for barn og unge (Regjeringa, 2021). I statusrapport 12 frå ressursgruppa er det konkludert med det same som i føregåande rapportane: barn og unge må skjermast og smitteverntiltak må vere forholdsmessige. Rapport 12 legg fram at dei har sett ei auke i omfang og alvorgrad i barn og unge si psykiske helse. Dei ser indikasjonar på at fleire barn vert utsatt for vald, overgrep og sosial kontroll, og det ser ut til at særleg sårbare grupper som barn med funksjonsnedsettingar og barn med foreldre som slit med rus eller psykiske lidningar er særleg utsatt (Regjeringa, 2021, s.6).

I rapporten ser ressursgruppa at tenestene si evne til å gjennomføra fysiske møter med barn og unge og evne til å samarbeida med andre instansar vert påverka i negativ retning. Det siste året har vert prega av mange restriksjonar, og ifølgje rapporten kan me sjå at restriksjonane påverkar barn og unge negativt. Smitteverntiltaka gjer at færre vert smitta av koronaviruset, men også at tilboda til barn og unge vert svekka, spesielt sårbare barn. I rapporten kjem det fram: «En rekke kommuner og organisasjoner er bekymret for at redusert tilbud til barn og unge bidrar til at omfanget av sårbare barn og unge øker fordi de mister tilgang til sentrale oppvekstarenaer» (Regjeringa, 2021, s.7). Basert på resultatane frå rapportane kan ein sei at det er viktig at barnehagane strever etter å vere eit godt tilbod for barna og legg til rette for godt samarbeid med andre instansar.

3.0 Metode

Gjennom vår problemstilling ynskjer me å forska på korleis pedagogisk leiar arbeider for å oppdaga og følgja opp sårbare barn. Me ynskjer at oppgåva kan vere med å gjere fleire medviten om sårbare barn og utvikla det pedagogiske arbeidet. Når ein skal gjennomføra ei undersøking kan ein velja mellom ei kvalitativ eller ein kvantitativ metode. Ifølgje Olav Dalland (2020, s.59) er kvantitativ metode når ein har mange informantar og det vert gjort eit systematisk utval av representantar for å sikra eit resultat som er representativt for alle. Ei kvalitativ metode har derimot ifølgje Dalland eit mindre og strategisk utval av informantar som kan gå i djupna og fortelje noko om det fenomenet ein undersøker.

3.1 Val av metode

Me har valt å bruka kvalitativ metode for å gå i djupna på vår problemstilling om korleis pedagogisk leiar kan oppdaga og følgja opp sårbare barn. Det kvalitative intervjuet kan få fram kunnskap som kan fremja forståing og handling (Dalland, 2020, s. 68). Gjennom kvalitativ metode vil me vektleggja tydinga av informantane sine synspunkt.

Me nyttar intervju, som ifølgje Løkken og Søbstad (2013, s.104) leiar til utveksling av synspunkt og erfaringar som kan føra til å utvikla ny kunnskap. Mirjam Dahl Bergsland og Henriette Jæger (2014, s.80) meiner målet i ei kvalitativ studie bør vere å gi utfyllande skildringar av tema, framfor og generalisera svara me får. Me kan ikkje generalisera pedagogiske leiarar sine meiningar basert på informantane me har intervjuet, men det kan gi eit godt innsyn. Gjennom intervjuet vil me få innsikt i erfaringar til pedagogisk leiar og korleis dei arbeider med sårbare barn. Gjennom intervjuet kan me som forskarar utvikla ny kunnskap, då me prøver å forstå korleis informantane arbeider. Me har valt å bruke eit semistrukturert intervju som sikrar at me får ynskja informasjon til oppgåva. Eit semistrukturert intervju eignar seg til å belysa spørsmåla me stiller i intervjuet til informantane (Gerd Kvernmo referert i Howe, Høium, Kvernmo og R. Knutsen 2005, s.73).

Me nyttar ein intervjuguide som har bestemte tema og føreslag til spørsmål. Slik kan informantane førebu seg til intervjuet, og hente fram tidligare erfaringar. Intervjuguiden inneheld tema som vil hjelpe å få svar på og drøfte problemstillinga. Under eit semistrukturert intervju skal intervjupersonen forstå tema frå eigne perspektiv og med vekt på eigne meiningar og tolkingar (Dalland, 2020, s.68).

3.2 Val av informantar

For å svare på vår problemstilling ynskjer me å få innblikk i arbeidet pedagogisk leiar gjer og korleis pedagogisk leiar arbeider med sårbare barn. Det vil innebere samarbeid med personalet og foreldre, og andre arbeidsmåtar eller planar for å oppdaga og følgja opp sårbare barn. Pedagogisk leiar har ansvaret for å det pedagogiske arbeidet (Kunnskapsdepartementet, 2017, s.16). Me har difor valt pedagogiske leiarar som informantar til oppgåva.

I vår problemstilling vil me undersøkje kva arbeid pedagogisk leiar kan gjere for å oppdaga og følgja opp sårbare barn. Problemstillinga vår er avhengig av at informantar har både teoretisk kunnskap og erfaringsbasert bakgrunn. Difor valte me å setja det som eit kriterium at informantane har arbeida som pedagogisk leiar i minst to år.

Me valte tre pedagogiske leiarar som informantar til oppgåva. Me sendte informasjon om oppgåva til informantane, og samtala via mail for at informantane kunne vere forberedt på problemstillinga og spørsmåla me ynskja å få svar på. Informantane er frå tre ulike barnehagar i ulike delar av landet, som kan gi oss ulike perspektiv på leiinga og arbeidsmetodar for sårbare barn. For anonymitet vil informantane sine namn vere erstatta med informant A, B og C.

1. Informant A arbeida i basebarnehage og har arbeida som pedagogisk leiar i 14 år. Hen har mest erfaring med de eldste barna.
2. Informant B arbeida i avdelingsbarnehage og har 20 års erfaring med dei yngste barna.
3. Informant C har arbeida i 12 år i avdelingsbarnehage med dei yngste barna.

3.3 Datainnsamling

Me nyttar ei kvalitativ undersøking, der me har valt å gå i djupna med tre informantar. På grunn av covid-19 har intervjuja gått føre seg på videosamtale via zoom. Menneske er eit individ med ulike syn og meiningar, som har ulike erfaringar. Me kan difor ikkje garantera at våre informantar sine erfaringar er representative for alle pedagogiske leiarar. Dette har me tatt omsyn til i utforminga av problemstillinga vår: «Korleis kan pedagogiske leiar arbeida for å oppdaga og følgja opp sårbare barn?».

Me ynskjer å finne ut korleis pedagogisk leiar arbeider med sårbare barn. Sjølv om intervju av enkeltindivid kan gi svar som er varierte og potensielt ikkje representative for andre, er det slik ein må gå fram for å få eit godt innblikk i korleis forholda er. Me ynskjer i

hovudsak å finne ut kva som vert gjort, og ikkje om noko vert gjort, og då vil eit strategisk utval av informantar gi eit større innblikk enn eit systematisk utval.

3.4 Validitet og relabilitet

Dalland (2020, s.43) skriv at krav for relabilitet og validitet må vere oppfylt for at metoden skal gi truverdige kunnskap. Validitet tyder relevans og gyldigheit, medan relabilitet er pålitelegheit som tyder at målingar må vere heilt korrekt utført, og eventuelle feilkjelder må vere oppgitt (Dalland, 2020, s.43). At me har som kriterium at informantane har arbeida i minst to år, vil sikra validitet med eit godt teoretisk og erfaringsbasert grunnlag til å belysa problemstillinga.

Me tok lydopptak av intervjuar som styrkjer validiteten. Lydopptaka gjer at me kan transkribere intervjuar i etterkant og leggja merke til fleire ting, til dømes stemmeleie, språket og utsegn. Me valte også å notera undervegs i intervjuar for å skriva ned tankar og kjensler om intervjuar, som me kunne sjå tilbake på under skrivinga. Med lydopptak og notering undervegs sikrar me at intervjuar vert forstått rett og kan framstilla funna rett.

Dalland (2020, s.43) hevdar ein må vere merksam på at mange oppfører seg annleis når dei veit at dei vert observert. Forskingseffekten er at informantane kan gi det svaret dei trur me ynskjer at dei skal svara på intervjuet. Data me samlar inn vert påverka av at me gjennomføre intervju der informantane får vita hovudspørsmåla til intervjuet på førehand. Me må vektleggja at forskningseffekten kan påverka resultata. Me gjere ein vurdering på forskningseffekten, som er med på å styrkja oppgåva sin gyldigheit og pålitelegheit. Når informantane kan førebu seg på hovudspørsmåla kan det også gjere at dei vert meir komfortabel under intervjuet.

Gjennom eit digitalt intervju får me ikkje same relasjon til informantane som me kunne fått ved å gjennomføre intervjuar fysisk. Det kan påverka korleis me og informantane tolkar intervjuar. Men for å sikra at me får med oss alt informantane fortel har me valt at to stykke har ansvar for å stille spørsmål, medan den siste noterer kva som vert fortalt.

Me har valt å ha spørsmålsformuleringar med underspørsmål, då me ynskja at informantane får moglegheit til å reflektera rundt spørsmåla som dei vart stilt (Bergsland & Jæger, 2014, s.71-72). Det vil gi oss moglegheit til å gå i djupna på spørsmåla. Me har og då moglegheit til å få opne svar frå informantane, som kan vere med på og auka validiteten. Samtidig kan informantane utdjupa sine meiningar og erfaringar.

3.5 Etiske omsyn

Som forskarar er me forplikta å handla etter forskingsetiske normer (Forskningsetikkloven, 2017). Me har tatt etiske omsyn når me har gjennomført intervju. Me samlar inn personopplysningar i form av namn på informantar og me har tatt lydopptak av intervju. På bakgrunn av dette har me søkt om godkjenning av prosjektet til NSD (sjå vedlegg 3). Informantar sine namn er i oppgåva erstatta med Informant A, B og C for å sikra deira anonymitet.

Me sendte ut e-post til informantane med informasjon, intervjuguide og eit samtykkeskjema (sjå vedlegg 1 & 2). Samtykkeskjema signerte informantane før intervju. Dei tre informantane er minna om teieplikta dei har før og under intervjuet. Me la tydeleg fram i e-posten at informantane kunne trekkja seg før eller under intervjuet. Me har gjort vårt aller beste med å gjengi resultatet mest mogleg fullstendig, utan å bryta med krav om personvern til informantane.

4.0 Resultatpresentasjon

Etter transkribering av intervjuet byrja me på analyseprosessen. I analyseprosessen sorterte me data inn i tema. Me har gjort ein temabasert analyse. Tema er resiliens, teamleing, foreldresamarbeid og korleis betra arbeidet med sårbare barn. Alle hovudoverskriftene har relevante undertema.

4.1 Resiliens

4.1.1 Risikofaktorar

Me innleia intervjuet med å spørje om risikofaktorar. Informantane hadde like erfaringar med risikofaktorar hjå barn, men ulike faktorar dei fokuserte på. Informant A skildrar kva risikofaktor hen såg oftast:

Arbeidssituasjon hjå foreldra, psykisk helse hjå foreldra og nettverk. For har foreldra eit godt nettverk rundt seg så har dei også hjelp i kvardagen om dei skulle trenge det. (...) I augneblinken det er ei åtferdsending hjå eit barn, tenkjer eg at her må ein ha augne ekstra opne for om det kan vere noko heime. Som er ein ekstra risikofaktor.

Hen fortel vidare om risikofaktorar som kan kome av covid-19:

Det er i forhold til risikofaktorar, då har du blant anna psykisk sjukdom hjå foreldre. Det er spesielt no i koronatida at foreldra har fått det enda vanskelegare. (...)

Informant A hadde også ei oppleving med eit barn som var sensitiv:

Eg har hatt eit barn som når det blei for mykje lyd så gjekk han å gøymde seg i skapet sitt i gangen (..) Og det var eit barn utan diagnose. Og utan traumatisk bakgrunn. Han var «berre» ekstremt sensitiv (...) Og det er klart at då må du ha ein vaksen som for det første får med seg at han går i gangen, og for det andre ein vaksen som klarar å gå ut og bistå den vaksne, og klarar å få barnet inn igjen når det er klar for det.

Informant B skildra kva hen såg som risikofaktor hjå barn:

Det har enorm betydning korleis ein veks opp. Om ein har hatt trygge rammer heime, at ein føler at ein har personar heime som ein kan stola på, er trygg hjå og kan finna trøst hjå.

Hen skildrar vidare kva risikofaktorar som krev tilrettelegging:

Ein treng ikkje tenkje på store ting, som narkomane foreldre. Det kan berre vere heilt banale ting som å ikkje verte sett eller høyrd, fordi då må ein finne det ein anna plass. (...) I leik har dei hatt behov for tilrettelegging. Dei har hatt behov for tilrettelegging for å læra empati. Det er mange sosiale aspekt her. Det har med mange ting å gjere, for eksempel med kultur, kva dei er oppvaksen med og kva dei er vane med heima.

Informant C skildrar risikofaktorane hen såg oftast slik:

Det kan vere utfordringar; nokre barn som byrjar veldig tidleg i barnehagen med lange dagar veldig tidleg, kan ha utfordringar i barnehagestart, med å verta heilt trygg. Også er det utfordringar i forhold til familiesituasjonar, skilsmisse, takle fråverande foreldre, kor mykje det påverka eit barn, i forhold til sinne og sorg.

Informant A, B og C skildrar fleire faktorar i miljøet rundt barna som risikofaktorar dei oftast såg. Informant A skildrar også at Covid-19 kan påverke foreldra.

4.1.2 Beskyttelsesfaktorar

4.1.3 Tilknytning

Informantane hadde ulike fokus og arbeidsmetodar i arbeidet med tilknytning. Me spurde informantane om korleis dei arbeida med overgangar i barnehagen.

Informant A svarte:

Når me har tilvenning frå småbarn til storbarn går føre seg det frå så tidleg som mogleg. Barna byrjar med besøk i nokre timar med ein kjent vaksen. Me har landa på at me har 2 veker med tilvenning i byrjinga av juni. Der dei er på den nye basen sin i 2 veker saman med ein vaksen dei kjenner frå sin base. Det bidrar til å dra tryggleiken over. Me pedagogar har og overføringssamtalar ang. barna. Då får me mest mogleg informasjon om barna før dei startar.

Svaret frå informant B var:

Me har det slik at dei på småbarn besøker storbarnsavdelinga. Det har vert litt problematisk i korona-tida, fordi ein ikkje skal miksa avdelingane. Så no er det slik at dei som skal byrje på storbarn vert ilag med storbarn på slutten av sommarferien.

Informant C svarte korleis dei arbeida med overgangar i barnehagen:

Ja, det har me hatt mykje fokus på. Tilknytning på småbarn er ein ting, den har me sjølvst sagt hatt systematisk med besøk og tilknytninga gjennom tilvenningsprosessen i barnehagen, men me har og i forhold til når dei går over på stor avdeling, det må gå føre seg ein ny tilknytning der, og då må me arbeida med den overføringa.

Vidare presiserer hen viktigheten av tilknytning til vaksne under overgangen.

For det såg me, tilknytninga til dei vaksne var viktigare enn å besøkje plassen og verta kjent med barna. Så viktig er det.

Informantane arbeidar med barnehagestart og overgangar i barnehagen med å skapa tilknytningar mellom barn og vaksne.

Dei nytta ulike arbeidsmetodar for å skapa og utvikla tilknytning mellom barn og vaksne. Informant A skildrar ikkje spesifikke metodar for å skapa tilknytning, men synar viktigheita av tilknytning for sårbare barn:

Eg tenkjer at det desidert viktigaste er å vere tilstade med barna og verte godt kjent med barna.

Informant B nytta fargekart som metode for å utvikla tilknytning til sårbare barn:

Ja, kven som er inni hjarta ditt. Rød er dei som ein kjenner det river litt i deg. Blå er dei usynlege barna. Det er ein utruleg viktig metode for å fanga opp kven det er me ikkje ser. (...) Derfor går me gjennom fargekartet og vel kven som spesielt skal sjå dette barnet og gi det ekstra merksemd, sånn at me heile tida passar på at me ikkje har mange blå barn.

I arbeid med tilknytning synar informant C arbeidsmetodar slik:

Nei, altså eg tenker det der med å kunna sitja på fanget til ein vaksen, ei god stund om morgonen, få den der gode tilknytninga. Snakka om korleis me har moglegheit for tilrettelegging for at desse barna skal få den tida dei treng. (...) Så å arbeide med dialog, det syns eg er viktig. Me har arbeida litt med «circle of security» tidlegare, så det tenker eg at me treng å jobbe enda meir med, for det er linka inn mot tilknytning, og mykje oppdaging av sårbare barn går føre seg gjennom arbeid med «circle of security».

Vidare skildrar hen korleis dei utviklar god tilknytning til sårbare barn. Hen har fokus på korleis dei vaksne ser barna:

I staden for å møte med konsekvensar, så forsøkja å vere i forkant, ta barnet i å gjere gode ting, forsterka positivitet hjå akkurat det barnet (...) Syne at du ser barnet for den barnet er og ikkje bare for alt det negative som skjer (...) vere den som på ein måte tenkjer - eg skal hjelpa deg til å finne ut av dette her, me skal finne ut av det saman.

Me spurde informantane om dei hadde tiltak for å sjå alle barn kvar dag

Informant A hadde under Covid-19 delt barnegruppa i mindre grupper og svarar på om dette er betre for sårbare barn:

Ja, i barnehagen, med rødt nivå, synes eg absolutt det. Fordi barna vert sett på ein anna måte og ein kan følgja opp på ein anna måte enn det ein elles har moglegheit til.

Informant B svarar på om barna har minst ein trygg tilknytning:

Ja, me har fleire. Dei minste kan gå litt i bølgedalar. Då kan dei endra seg litt og vil berre vere med ein person, og henger på ein dag ut og dag inn. Heilt til dei kjem tilbake igjen.

Informant C hadde fokus på å ha primærkontaktar til kvart barn:

Alle barna har sine primærkontaktar, som skal sørge litt ekstra for dei, at dei vert sett litt ekstra.

Informant C legg til:

Me har fokus på at for eksempel til måltida skal den vaksne med bordet inkludere alle barna i samtalen.

Informant A nyttar små barnegrupper for å kunne sjå alle barn kvar dag, medan informant B og C har mest fokus på primærkontaktar for å sjå barna. Informant C har også rutinar under måltid der alle barna vert inkludert i samtalar.

4.2 Samarbeid med andre instansar

Informantane har erfaring frå samarbeid med andre instansar i forbindelse med tilrettelegging for sårbare barn. Blant anna i samanheng med å skaffe ekstra ressursar til barn som treng det og organisering av avdelinga.

Informant A fokuserte på korleis prosessen i samarbeid med andre instansar var før og korleis den er no:

Det er ein tidkrevjande prosess. Før var det enklare. No må me først sende inn ei henvisning eller dokument på at me ynskjer ekstra ressurs. Då etter cirka tre månader vert tiltaka evaluert i eit møte saman med føresette og ein person frå barnehagemyndighetene i kommunen og pedagogisk leiar. Referatet frå møtet vert tatt med inn i eit nytt møte i kommunen.

Vidare hadde hen fokus på kor villig barnehagen var til å setja inn ressursar:

Det er veldig situasjonsbetinga for barna. Det er klart at eit barn som krev ein vaksen litt ekstra for tryggleik er lettare. Det klarer ein meir av i ein kvardag enn eit barn som utagerer. Det er heller viktigare å setja inn ein ekstra ressurs på eit barn som utagerer. Eg har også vore borti at ein flyttar på tilsette for å styrkja ei avdeling som verkeleg har behov for det pga. utagerande barn. Men det skjer sjeldan.

Informant B snakka om kommunen hen arbeida i sitt lavterskel tilbod:

Kommunen har eit lavterskel tilbod, som ein kan ringa også kan nokon frå tilbodet kome til barnehagen din. Då kan ein leggja fram kva ein treng. Om ein treng at dei kjem og observerer barn, eller for å organisera avdelinga.

Vidare fortel hen om prosessen for å få inn ytre ressursar:

Det er lurt å kome med daglege konkretar som folk kan forstå. Ein må vere heilt direkte, klar og tydeleg i kva ein treng og kva ein forventar å få. Det har eg skjønt at er strategien.

Informant B fortel at det er hennar ansvar som pedagogisk leiar å samarbeide med andre instansar, som kan føre til at ho føler seg åleine i prosessen:

Samtidig føler eg at ein står åleine. Men eg er heldig at eg har ein kjempe god sjef og det er ein veldig viktig ting, fordi til tider føler ein at ein står litt åleine, fordi ein er

leiar og dei andre lener seg på deg. Som leiar vert ein som eit orakel. Ein skal vita det mesta om det mesta.

Informant C fortalte at ho har mykje erfaring med samarbeid med andre instansar og at dei i barnehagen har opptil fleire barn med ekstra støtte. Vidare fortalte ho at prosessen for å få hjelp er tidkrevjande og hen er samd med informant A om at prosessen om å søkje hjelp er verre no, enn før:

Det er vanskelegare å organisere no enn tidlegare. Systemet har ikkje vorte betre, det er verre. Det er logistikk-utfordringar og det er bemannings-utfordringar. Tidlegare fekk ein dei som skulle jobbe hjå oss frå kommunen, no må kvar barnehage tilsette dei sjølv. Og då må du på kort varsel finne ein person som kan jobbe tysdag, torsdag og fredag i fem timar, og det er ikkje alltid lett.

Alle informantane har hatt utfordringar i samarbeid med andre instansar. Informant A og C uttaler at det er ein tidkrevjande og lang prosess om å søkje ekstra tilrettelegging.

4.3 Teamleining

Alle informantane leia sitt team i arbeidet med sårbare barn i barnehagen. Me spurde informantane om dei opplevde at teamet hadde forståing av kva eit sårbart barn kan vere og kva risikofaktorar som finst.

Informant A fortel korleis hen arbeida med å utvikle kunnskapar om sårbare barn:

I fjor under covid-19 stenginga tok me alle eit nettkurs som handla om sårbare barn og risikofaktorar. Det har ført til at fleire veit noko om tema: sårbare barn. Men det er klart at det er viktig å ta det opp jamleg, eller så vert det glømt. Eg trur folk er usikre, sånn generelt. Kva er ein risikofaktor? Eg trur det må repeterast mange gangar for at folk skal verta trygge på det.

Informant B synast sitt team hadde god forståing av kva eit sårbart barn er og skildrar årsaka slik:

Dei som er på teamet mitt har barn sjølv. Det har mykje å sei. Ved å ha ansvar for ditt eige barn lærar ein ting ein ikkje kan læra i utdanninga. Teamet har mykje erfaring med barn som har forskjellige utfordringar, utan diagnose.

Informant B avsluttar med:

Men sjølvsagt det kan aldri verte heilt perfekt.

Informant B skildrar ein grunnpilar i sitt team som dei hadde utvikla for at teamet skulle kunne oppdaga og følgja opp sårbare barn:

Ein grunnpilar hjå oss er at alle skal få sei, og alle skal få komme med idear, og ikkje vere redd for å sei kva dei tenkjer.

Hen skildrar vidare viktigheita av grunnpilaren i samanheng med sårbare barn:

Eg er heldig som har eit flott team, som er veldig observante. I mitt team er me veldig opne og me har eit par ting som eg er veldig opptatt av. Om dei har sett noko, anten det er noko eg gjer eller dei ser at eit barn ikkje får den oppfølginga eller dei har ein god ide. Då er det alfa omega om dei seier frå, for om dei ikkje seier frå skjer det vertfall ingenting.

På spørsmål om dei hadde ei oppleving av at teamet hadde forståing av kva eit sårbart barn er, svarte informant C:

Nei, det har eg ikkje, fordi eit sårbart barn kan vere så mykje ulikt. Det kan vere barn med spesielle behov og det kan vere barnevern situasjonar, men at det gjeld barn som treng tilrettelegging i barnehagen, det trur eg teamet mitt klarar å forstå. Dei aller fleste barna treng litt tilpassingar, i frå tid til anen.

Vidare skildrar informant C korleis teamet vert inkludert i arbeidet med sårbare barn:

Samspelsmetoden dialog har me nytta veldig mykje, både i kurs og gjennom avdelingane, at dei arbeider med det systematisk månadleg, og me ser at det har fått assistentane til å verte meir open for kjensleuttrykk, og gjennom det dei sårbare barna. Ingen er lik, så du kan ikkje behandla nokon likt.

Informant A og C har metodar for å utvikla kunnskap om sårbare barn i sitt team. Informant B har fokus på ein grunnpilar i sitt team.

Vidare stilte me spørsmål om korleis informantane arbeida med teamet sitt. Informant A hadde fokus på å dele kunnskapar på basen og skildrar det slik:

Eg er den personen alle kjem til med uro rundt barn, nettopp fordi eg er såpass trygg i tema. Eg har hatt fleire tilfelle og har mykje kunnskap om det. Det er veldig mange som har søkt råd hjå meg. Eg har også tatt opp på leiarteam korleis ein tilvise til PPT, korleis ein til tilvisar til BUP, sånn at alle har eit nokolunde fagleg grunnlag på å utføre til ei tilvising.

Informant B fortel korleis arbeidet som pedagogisk leiar er:

Altså skulle eg ha gjort alt eg var pålagt, så kunne eg rett og slett ha flytta inn på avdelinga mi. Når eg er på jobb har eg barn i fanget og telefonen på øyre, også er det foreldre der. Det er ganske heavy.

Hen skildrar vidare viktigheita av teamet rundt seg:

Teamet er veldig tilstadeverande sjølv og jobbar med barna. Det synes eg er veldig godt hjå meg. Eg føler folk fangar opp ting og er flinke å komme bort med det.

Informant C nytta usystematisk og systematisk rettleiing. Informanten fremja å skryta av dei tilsette når tilsette gjer ein god jobb og skildrar det slik:

Å ta dei i å gjere riktige ting. Og sei «så bra at du møtte det barnet på den og den måten». Og særleg om du klarar å skryte av ein tilsett og trekkje fram kva dei gjorde framfor andre, så får det og forsterkning for resten av personalet. Det går mykje i «alleihop» rettleiing, men og meir systematisk.

Informant C uttrykte fordelane av meir fagkunne i barnehagen:

Det vert meir fagkunne, og det er barna som kjem positivt ut av dette.

Informant A og C nytta avdelingsmøter, personalmøter og rettleiingsmøter for å til dømes drøfte enkeltbarn, og korleis teamet kan leggja til rette for kvart enkelt barn. Informant A og C uttrykkjer korleis covid-19 påverka møteverksemd. Informant B uttalte ikkje slike utfordringar.

Informant A skildrar:

Dette koronaregimet gjer det vanskeleg blant anna å ha basemøter og å kunne følgja opp ting meir. Fordi det reduserer møteverksemd, som fører til at me ikkje får gått gjennom på same måte som me vanlegvis ville ha gjort.

Informant C fortel:

Me har avdelingsmøter, mykje av avdelingsmøta vert nytta for å hjelpe barn, finna ein metode som gjer at alle gjer det same, slik at me finn det beste for det barnet.

Hen skildrar vidare:

Det er litt sånn at dei sårbare barna vert litt skada i det, for me får ikkje møter, me får det ikkje til. Me tek litt på kveldstid, men dei tilsette er slitne, og kor mykje overtid skal du påleggja dei, når du allereie pålegg meir for å få dagane til å gå opp.

4.3.1 Mål, rammer, prosedyrar og rutinar for oppfølging

Me spurde informantane om dei i sin barnehage hadde mål, rammer, prosedyrar eller rutinar som sikra oppfølging av sårbare barn.

Svar frå informant A:

Ja, me har beredskapsplanar for alt i barnehagen. Det er barnehagekjeda sine, også er dei tilpassa lokalt. Barnehagen har eit digitalt verktøy der beredskapsplanane ligg. Og det er alt frå mistanke om rus, dødsfall, barn i sorg. Barn i sorg er også f.eks. barn i en skilsmisse. Alt dette har me beredskapsplaner for.

På spørsmål om informantene hadde rutine for observasjon og for å sikre at alle barn blei sett svarte informant A:

Eg skulle ynskje eg kunne sei ja, men det kan eg ikkje. For det er absolutt noko ein bør ha. Me har vore innom ulike metodar, utan at ein har landa 100% på noko.

Informant B svarte:

Nei, det er ikkje noko som eg veit om.

Hen fortel vidare:

Men eg har ansvar for å følga opp kvart einaste barn på avdelinga.

Svar frå informant C:

Ingenting er nedskreven om korleis me følgjer opp, fordi sakene er veldig forskjellig. Men me har ei rutine om at me arbeider med ting på avdelinga og så tek me det vidare til pedagog møte. Me har og avdelingsmøter, som mykje vert nytta for å hjelpe

barn for å finne ein metode som gjer at alle i teamet gjer det same, slik at me finn det beste for barna og at barna vert møtt av same reaksjonar av dei tilsette.

Informant A hadde nedskrive planar for korleis barnehagen skal handla i ulike situasjonar eit barn kan kome i. Informant B og C hadde ikkje noko nedskrive. Informant C skildrar årsaken med at sakane er forskjellige. Informant A ynskja å ha bestemte rutinar for observasjon og å sjå alle barn kvar dag.

4.4 Observasjon

Under spørsmålet om informantane og teamet nyttar observasjon, erfarte dei tre informantane observasjon som ein viktig metode og verktøy for å oppdaga sårbare barn.

Informant A fortel kvifor, korleis og kven som utfører observasjonar:

Stort sett er det pedagogar som skriv observasjonar. Eg observerer veldig mykje utan at eg nødvendigvis fortel det til nokon, men ser me at der er grunnlag for systematisk observasjon, så utfører me systematisk observasjon. Me kartlegg og skriv dagsloggar f.eks., om me ser at eit barn er veldig annleis når det er hjå mamma, enn når det er hjå pappa. Då er det lurt å føre ei loggbok på det som går føre seg for å ha det konkret (...) Til meir spesifikt og konkret til lettare er det å forklara for foreldre og til lettare kan dei kjenne seg igjen på heimebane. Og til lettare er det for dei å forstå.

Vidare fortel hen om at teamet hennar skulle ha vore flinkare å setja observasjonane i system med ein gong ein observasjon går føre seg:

Eg skulle ynskja me var flinkare til å systematisere det. Nå er det litt sånn at ein legg merke til ting også skriver ein det ned, for så å ha det i bakhovudet. Men det er klart at ein kjem opp i settingar der ein tenkjer at dette burde eg ha vore flinkare til å observere og satt i et system tidlegare.

Informant B skildrar samanhengen mellom observasjon og lavterskeltilbodet som kommunen til hen har:

(...) saken er at om ein skal få nokon til å observera så må ein fyrst ha godkjenning av foreldra. Denne hausten med korona gjer at det er avgrensa med kva ein eigentleg makter å få til. Hadde eg berre hatt moglegheit til å ringe og sagt kva eg trengte og

dei kome. Men det er mange steg, fyrst må eg snakka med dei, også er det det, også er det det. Eg har ikkje hatt sjans til å strekkje til.

Vidare fortel informant B om at hen er oppteken av å organisera barna i grupper. Hen fortel at kommunikasjonen mellom hen og pedagog to er viktig for å formidla observasjonar mellom dei. Då informant B har ansvar for dei eldste, medan pedagog to har ansvar for dei minste på avdelinga:

Eit godt eksempel er det eine barnet på den eine gruppa. Ho finn ikkje heilt roen, sjølv når ho er med dei jamgamle. Ho fyk rundt som ein sommarfugl. Ho søker heile tida inn til dei store. Det er noko eg ikkje hadde klart å observera om eg ikkje hadde skilt gruppene. Ho får då koma inn til dei eldste, der ho får finna roen.

På spørsmålet om informant C nytta observasjon som metode hadde barnehagen hennar i nokre periodar faste tidspunkt der observasjon vert gjennomført:

I løpet av året har me nokre veker der me går i utetida og observerer i ein avsett halvtime. Kven leikar med kva? Kva gjorde dei? Og så har me dei vanlege observasjonane; deltakande observasjon, nå skal eg sjå på leik, eller eg skal sjå på kven som er inkludert. Men det er mykje som vert avbrott, så eg tenkjer at dersom du får fem minuttar med god observasjon så må du vere nøgd. Me har ikkje nok bemanning til å skjerma den som observerer heile tida. Det har me ikkje, kvardagen er ikkje slik.

Vidare følger hen opp med å fortelje kven som observerer:

Eg føler at det er mest den pedagogiske leiaren som observerer. Ein del assistentar er flinke til usystematisk observasjon og fortel ofte «I dag såg eg det og det og det, så eg trur me må vere klar over det..». Då kan dei gjerne få i oppgåve å observera vidare. Så assistentar er heilt klart med på å observera, men kanskje den systematiske biten er meir pedagogane. Men det er mykje som vert gjort i barnehagen som ikkje er systematisk og som er veldig viktig. Men observasjon er alltid noko me kan verte betre på, uansett.

4.6 Foreldresamarbeid

I arbeidet med sårbare barn spurde me informantane om foreldresamarbeid.

Informant A fortel om eit av dei viktigaste tiltaka hen kunne gjer om eit barn som treng ekstra tilrettelegging vart oppdaga.

(...) Og det å ha tett dialog med foreldra.

Informant A skildrar vidare at å verta kjent med foreldra var viktig for sårbare barn:
Me stiller alltid spørsmål på foreldresamtalene om familiesituasjon. Det vil sei bur foreldra saman, har barnet søsken, har dei nettverk i nærleiken? Det bidrar til å kartlegge risikofaktorar.

Informant B hadde erfaringar av viktigheten av foreldresamarbeid under tilrettelegging for barn.

Det er viktig at ein tar tak med foreldra og, foreldresamarbeid.

Svar på spørsmål om foreldresamarbeid frå informant C:

Me har stort fokus på foreldresamarbeid hjå oss, ikkje berre i forhold til dei to samtalane i året, men me ringer dei ofte og me sender dei meldingar. Og er me bekymra for noko tek me opp telefonen med ein gong (..) Det er foreldra som er våre støttespelarar. Det er viktig at foreldra tek kontakt med oss, og at me då alltid føl det opp. Fordi då kjenner dei at ingen sak er for lita.

Informant A, B og C skildrar foreldresamarbeid som viktig i arbeidet med sårbare barn. Me spurde vidare om informantane hadde nokre opplevingar av utfordrande foreldresamarbeid.

Informant A skildrar i intervjuet korleis foreldre reagerer og handterer situasjonar ulikt.

Nokre foreldre er veldig klar over at barna er slik sjølv. Og kanskje har ei bekymring som dei ikkje tør å sei høgt. (...) Medan andre foreldre er veldig motvillig, og vert litt sånn «nei».

Informant B svarar:

Det er veldig interessant når ein arbeider med foreldre, fordi det er så utruleg ulikt. Dei fleste foreldre høyrer etter på kva du seier og er interessert i å gjera det beste, men slik som med alt anna i verda møter ein på litt forskjellig (...) Om foreldra har

lav sjølvkjensle kan dei føle det som kritikk, som eit tap om ein skal rettleia. Men andre igjen som føler seg meir trygg, tenker «så bra at du har tenkt på barnet mitt og bryr deg om det».

Informant C fortel om utfordringar med foreldresamarbeid.

I nokre tilfelle opplev foreldre at dei vert møtt feil. Dei opplev at barnehagen skuldar dei for å ikkje ha følgt opp barnet sitt godt nok. Og det skjer, oftare enn eg hadde likt. Så me må heile tida snakka om kva me gjer for å sikre at foreldra kjenner at me er på lag med dei.

Informant A og B opplev utfordring i samarbeidet då foreldre er veldig ulike og informant C hadde erfaring med at foreldre opplev at dei vert møtt feil.

4.7 Korleis betra arbeidet med sårbare barn?

Me spurde informantane kva dei ynskja å gjera om dei fekk moglegheit til og betra arbeidet med sårbare barn.

Informant A snakka om bemanninga:

Eg ville hatt full bemanning heile dagen. Då kan du kan følge opp barna på ein heilt anna måte. Du kan arbeida med barna på ein heilt anna måte enn det du får til i ein kvardag der du to timar i løpet av dagane er alle tilsette på arbeid. Om du tek reknestykket på kor mange timar ein faktisk er alle tilsette på arbeid, er ikkje det lenge. Det er 1,5-2 timer om dagen der ein er fullt bemanna.

Informant B fortalte om å ha fleire tilsette tilstade:

Hatt fleire på jobb, heile tida. Eg ville hatt ein til, helst to, men vertfall ein. Og at alle var på jobb samtidig. Eg kunne tenkt meg å hatt ein tilsett som berre arbeida med det praktiske. Tok seg av all matlaging og oppvask. Fordi me er blekksprutar som arbeider i barnehage. Me skal vere over alt og gjere alt. Gi meg nokre tilsette som berre arbeidar med det praktiske, slik at me som tilsette kan fokusera på det me verkeleg vil, nemlig vere med barna, sjå og følge dei opp.

Vidare fortalte informant C at ho ynskja fleire tilsette:

Om eg stod heilt fritt? Då ville eg hatt fleire pedagogar på jobb, generelt fleire tilsette som kunne støtta barna enda meir. (...) tilstadeverande vaksne, det er utropstegn, vaksne som fokuserer på barna og at ikkje ein må bruke tid på andre ting.

Informant A, B og C ynskjer fleire tilsette på jobb for å betra arbeidet med sårbare barn. Med fleire på jobb skildrar informant A at hen ser barna på ein anna måte, informant B skildrar at hen vil fokusere på barna og informant C vil ha tilstadeverande vaksne.

5.0 Drøfting

I dette kapittelet vil me drøfta funna me har gjort i lys av teori for å svara på problemstillinga: «Korleis kan pedagogisk leiar arbeida for å oppdaga og følgja opp sårbare barn?». For å gi eit tydeleg svar på problemstillinga har me delt drøftingsdelen inn i to underkapittel, korleis oppdaga og korleis følgja opp sårbare barn.

5.1 Korleis oppdaga sårbare barn?

5.1.1 Risikofaktorar

Gjennom oppgåva har me nytta resiliensteori for å skilje ut barn som kan vere meir utsatt for å vere sårbare barn. Me har då sett at mange risikofaktorar kan utgjere ei risiko for å vere sårbar. Gunnestad (2014, s.325) skriv at risikofaktorar blant anna kan vere for tidleg fødsel, sjukdom, temperament, sensitivitet, fysisk eller psykisk sjukdom i familien, omsorgssvikt, alkoholmisbruk, fattigdom eller ein dårleg heimesituasjon. Fleire av faktorane som Gunnestad nemner samsvarar med det informantane våre har observert hjå sårbare barn og som dei har erfaring med.

Informantane har størst fokus på risikofaktorar i miljøet rundt barna. Dette kunne til dømes vere lite nettverk, ustabile foreldre, om ein har trygge rammer heime eller skilsmisse. Informantane var samde om at det var dei risikofaktorane dei såg oftast, og som påverka barna mest. Dette er risikofaktorane som Gunnestad (2014, s.325) skildrar som familiære årsakar. Individuelle faktorar i barnet hadde informantane mindre erfaring med, og me fekk inntrykk av at individuelle faktorarar påverka barna mindre.

Informantane var samde om at familiære risikofaktorar var årsakene dei opplevde mest som grunnlag til at barn var sårbare. På bakgrunn av det vil me trekkje fram at familiære risikofaktorar er noko teamet bør vere obs på, for å oppdaga sårbare barn. Med å veta kva ein risikofaktor er og kva dei kan vere, kan ein lettare oppdaga dei. Ein vesentleg del av å kunne oppdaga risikofaktorar hjå barna og dermed kunne oppdaga sårbare barn, er difor å ha eit godt kunnskapsgrunnlag om risikofaktorar. Me vil difor sei at når pedagogisk leiar skal arbeida for å oppdaga sårbare barn i barnehagen, må hen fyrst arbeida med eit godt kunnskapsgrunnlag hjå teamet. Men kva skal ein gjere for å oppdaga risikofaktorar?

5.1.2 Foreldresamarbeid

For å oppdage sårbare barn synar informantane foreldre som ein viktig støttespelar og viktig for barnehagen og ha ein god dialog med. I barnehagen møter ein på ulike individ, både barn og foreldre, som har ulike behov og ynskjer. Informant C har fremja ein kultur for at ingen sak er for liten til foreldra. Me ser at informanten synar viktighet i å ha god dialog og tillit med foreldra for og oppdaga sårbare barn. Tillit er skildra som grunnlag for eit godt foreldresamarbeid (Glaser, 2018, s.128-130). Skal foreldra samtykkje i observasjon av barnet deira, for å oppdaga kva barnet har behov for, bør tilliten og relasjonen vere god.

I foreldresamarbeidet hadde alle informantane opplevd utfordringar. Informantane var bevisst på utfordringane og arbeida for eit godt foreldresamarbeidet då dei såg det som ein viktig faktor for å oppdaga sårbare barn. Dei synar at dei arbeider med god kommunikasjon, tillit og forståing for at foreldre er ulike, som er faktorar Glaser (2018) legg vekt på i eit godt foreldresamarbeid.

5.1.3 Teamleiiing og teamlæring

I svara frå informantane er teamet inkludert i arbeidet med sårbare barn. Dei uttrykkjer at teamet er ein stor ressurs for å oppdaga sårbare barn. Informantane er opptatt av å ha og auka kunnskapar om sårbare barn i teamet. Funna synar at fleire pedagogar i teamet aukar kunnskapsgrunnlaget og den gjensidige avhengigheita vil vere basert på felles forståing av kven som skal gjere kva i gitte situasjonar. Informantane er opptatt av eit godt fagleg nivå i teamet og viktigheita av å forstå kva eit sårbart barn er for å kunne oppdaga risikofaktorar. I samsvar med Aasen (2018, s.34) ser me at menneska og kompetansar i teamet påverkar mål og innhald i arbeid med sårbare barn.

Informantane aukar felles kunnskapar om sårbare barn i teamet for å arbeida mot eit felles resultatmål (Katzenbach & Smith, referert i Aasen, 2018, s.16). Gjennom å auka kunnskapar i sitt team synar informantane at dei er avhengig av teamet for å oppdaga og følgja opp sårbare barn. Sårbare barn var eit utfordrande tema for informantane, men informantane hadde fokus på å utvikla teamet sine kompetansar for sårbare barn.

5.1.4 Observasjon

Informantane synar at observasjon er eit nyttig verktøy i barnehagekvardagen for å oppdaga sårbare barn. Dei var kontinuerleg bevisst på å verta betre på observasjon. Informantane

fortalte at pedagogane for det meste var dei som utførte systematisk observasjon, medan resten av teamet gjennomførte usystematisk observasjon. Dette er ofte naturleg, då det er pedagogane som er utdanna og skal ha tillært seg kunnskap om observasjon. Likevel synar informantane at både den systematiske og den usystematiske observasjonen er nyttig for å oppdaga sårbare barn, risikofaktorar og behov. Det er oftast assistentar og fagarbeidarar som er mest med barna, og observasjonane deira vil difor vere svært nyttige sjølv om dei ikkje nødvendigvis er systematiske.

Informantane hadde ikkje nedskrivne rutinar for observasjon, men dei nytta observasjon som utgangspunkt for foreldresamtalar, rettleiing av tilsette og teammøter. Her dannar observasjonar eit grunnlag for refleksjon og vidare arbeid med å oppdaga og følgja opp sårbare barn, slik som Løkken og Søbstad (2013), og Taguchi (2015) skildrar.

Arbeidet med ulike observasjonsmetodar og å inkludera assistentar og fagarbeidarar i observasjonsarbeidet kan vere utfordrande, det hadde informantane våre erfart. Utfordringane var at informantane opplevde at tilsette ikkje hadde nok kunnskapar, samstundes som tida ikkje strakk til i ein hektisk barnehagekvardag. Informantane synar at heile teamet observerer og ser det som viktig for arbeidet med sårbare barn at teamet har augne opne, ser alle barna og legg merke til kva som skjer, som samsvarer med Løkken og Søbstad (2013, s.40) sin definisjon på observasjon. Ved å bruke dokumentasjonsmetodar, som loggbok eller praksisforteljingar kan ein nytta observasjonane som utgangspunkt for refleksjon og utvikling til å følgja opp sårbare barn (Taguchi, 2015, s.106).

5.2 Korleis følgja opp sårbare barn?

5.2.1 Beskyttelsesfaktorar

Ved å fungera som ein god beskyttelsesfaktor for barna kan barnehagen bidra til å redusera verknaden av risikofaktorar og utvikla god resiliens. Som me har sett på tidlegare er nettverksfaktorar ein av tre beskyttelsesfaktorar som Gunnestad (2014, s.327) skildrar.

Barnehagen vil då vere ein nettverksfaktor hjå alle barn i barnehagen. Men korleis skal me sikra at barnehagen vert ein god nettverksfaktor, og difor fungera som beskyttelsesfaktor? Ingen av informantane våre nytta omgrepa resiliens og beskyttelsesfaktorar. Informantane synar likevel at dei hadde ei forståing av kva omgrepa handlar om gjennom svara dei gav. Informantane hadde ei bevisst oppfatning av kva barnehagen gjer for å støtta sårbare barn, altså korleis barnehagen verker som beskyttelsesfaktor.

5.2.2 Tilknytning

Tilknytning er noko informantane våre arbeider aktivt med for å følgja opp sårbare barn. Dei fleste barn har ei trygg tilknytning til sine foreldre, men barn kan også ha gode relasjonar til andre vaksne i miljøet rundt dei. Hjø informantane har dei primærkontaktar til barn eller faste vaksne i barnegrupper, slik at alle barna blir sett kvar dag og det er ein person som har ekstra ansvar for oppfølging av kvart enkelt barn. Å ha primærkontaktar til barna kan også sikra at alle barna har minst ein trygg tilknytning, som Gunnestad (2014, s.328) synast er særst viktig. Slik kan ein sikra eit godt nettverk for dei sårbare barna.

Når barna byrjar i barnehagen, under avdelingsovergangar og generelt i barnehagekvardagen er tilknytning ein sentral faktor. Informant A og B arbeida med tryggleik gjennom fargekart og tilstadeverande vaksne. Informant C knyt tryggleik til tryggleikssirkelen til Powell (sjå figur 2.). Ved å nytta tryggleikssirkelen kan teamet utvikla kunnskapar om korleis barn treng ein trygg tilknytning, og korleis tryggleiken bidrar til at dei kan utforska verda rundt og utvikla seg.

Informant A hadde erfaring med sensitivitet som risikofaktor hjå barn. Informant A var bevisst at barnet trong ein tilknytning tilgjengeleg. Informant A synar her forståing av korleis barn utviklar resiliens som vist i figur 1. Barnet kan oppleve tilknytning og tryggleik som beskyttelsesfaktor i situasjonen. I prosessen kan tryggleik verka for å redusera negative kjedereaksjonar av risikofaktoren, som bidrar til utvikling av resiliens hjå barnet.

Ein trygg tilknytning kan vere særst viktig for sårbare barn. Me har tidlegare nemnt at familiære faktorar er dei risikofaktorane ein ser oftast hjå barna, og då kan me gå ut frå at mange av desse barna ikkje har like god trygg tilknytning heime. Det vert difor enda viktigare at barna får ein trygg tilknytning i barnehagen. Å ha gode beskyttelsesfaktorar kan i stor grad vege opp for eit barn sine risikofaktorar. At barnehagen er eit godt og trygt miljø for barnet med trygge tilknytningar kan difor bidra til god resiliens hjå barna. Tilknytning kan difor vere eit av dei viktigaste tiltaka barnehagen gjere for å vere ein god beskyttelsesfaktor.

5.2.3 Foreldresamarbeid

Foreldresamarbeid kan opplevast som utfordrande, då det er vanskelege tema som skal takast opp. Ved å ha eit tett samarbeid med foreldra kan det sikra at foreldra kjenner seg trygge og opplev ein tillit til barnehagen og tilsette. Det er viktig at foreldra er involverte i barnet sin kvardag i barnehagen og har tillit til barnehagen (Drugli & Onsøien, 2010, s.12). Når det oppstår vanskelege situasjonar eller situasjonar der barna skal verte observert er det ein fordel

at foreldra opplev tillit til barnehagen, då barnehagen treng samtykkje frå foreldre for å observere barnet deira i samarbeid med andre instansar. Informant C var oppteken av å sikra at foreldre kjende at barnehagen var deira støttespelar.

Kvaliteten på foreldrerettleiing vil vere avhengig av relasjon mellom rettleiar og veisøkkjar. Rettleiar sin kompetanse vil og påverke kvaliteten på rettleiinga (Carson & Birkeland, 2017, s.56-57). Informant B og C skildrar at å rettleia foreldre kan gi dei tryggleik. Barnehagen ynskjer å utvikla foreldra sine evner til å gi og syna omsorg for barna. På trass av rettleiing frå barnehagen, vil nokre foreldre ha utfordringar med å gi omsorg til andre. Det kan vere fordi foreldra ikkje har opplevd omsorg sjølv og ikkje veit kva omsorg inneber. Funna synar at foreldre kan ha veldig ulike behov. Nokre foreldre vil søkje rettleiing av tilsette i barnehagen, medan andre vil helst unngå å ha ein dialog med barnehagen. Relasjonen er avgjerande for korleis ein pedagogisk leiar skal gå fram for å følgja opp sårbare barn.

Særleg informant A synar viktigeita av å ha konkrete observasjonar av barnet i dialog med foreldre. Systematisk observasjon er også nyttig i høve til kommunikasjon med foreldra (Løkken & Søbstad, 2013, s.18). Me ser difor at å ha konkrete situasjonar kan gjere kommunikasjonen betre, og det er med å skapa utveksling av informasjon mellom barnehage og foreldre (Glaser, 2018, s. 77).

Foreldre har sine opplevingar og forventningar om korleis barnet deira skal vere og er heime, både i handlingar og utvikling. På bakgrunn av det vil nokre foreldre ifølgje Glaser (2018, s.144) oppleve sorg og sinne, uro og engsteleg når barnet deira ikkje handlar eller utviklar seg som forventa. Nokre foreldre treng rettleiing for kva som er best for barnet deira. Barnehagen ynskjer barnet sitt beste, saman med foreldre. Ifølgje Glaser (2018, s.17) må barnehagen fremja at foreldra er barnehagen sin viktigaste samarbeidspartner, for å gi best mogleg oppfølging. Informant B fortalte om ei mor som var samd i det barnehagen fortalte om barnet, medan far var heilt imot det barnehagen foreslo for å hjelpe barnet hans. I nokre tilfelle kan både mor og far vere samd, medan i andre tilfelle som i eksempelet til informant B kan mor og far vere usamd. Relasjonen ein har til foreldra kan vere avhengig av korleis ein ynskjer å løyse situasjonar der foreldra er usamd med barnehagen. Ved å inkludera teamet, kan dei få ulike perspektiv og refleksjonar på korleis dei kan leggja til rette for sårbare barn.

5.2.4 Teamleiiing og teamlæring

Å ha nedskrivne mål, rammer og rutinar vart uttrykt som ein god ressurs av informantane, men dei uttrykkjer fleire utfordringar som tid, ressursar og forskjellige situasjonar sårbare barn har, som årsakar til manglande nedskrivne mål, rammer og rutinar. Informantane har derimot arbeidsmetodar for det pedagogiske opplegget som sikrar oppfølging av sårbare barn.

Gjennom teamleing arbeida informantane for god oppfølging av sårbare barn. I arbeidet med sårbare barn ser me at informantane nyttar teamorganisering der erfaringar i teamet vil auke kompetansen i heile teamet. Særleg informant B synar å fremja ein kultur for openheit og deling i teamet og er bevisst på og arbeider med det på ulike måtar for å betre samarbeidet om sårbare barn. Informantane sine team delar kompetansar med kvarandre gjennom rettleiing og refleksjonar. Gjennom å dele kunnskapar i teamet har dei ein delingskultur (Aasen, 2018, s. 126). Me tenkjer at gjennom ein delingskultur kan ein auka det fagelege nivået i teamet, som igjen kan auka kvaliteten i arbeidet med sårbare barn.

Informantane synar at teamet hadde godt samarbeid der dei delte og reflekterte saman. Tillit vert ifølge Aasen (2018, s.77) rekna som eit nødvendig grunnlag i eit team for å kunne dele kunnskapar og reflektere saman. Informantane sine team har tillit som grunnlag der teamet kan opne seg om kompetansar og reflektere saman. Gjennom delingskulturen har teamet auka kunnskapar om sårbare barn og med openheit i samarbeidet har teamet eit større grunnlag for å kunna følgja opp sårbare barn med rett tilrettelegging. Me ser difor ein viktighet i å skapa ein delingskultur.

Møteverksemd vart i mindre grad gjennomført no grunna Covid-19. Eit sosialt samspel kan bidra til læring (Aasen, 2018, s.44). Teamet mistar difor eit sosialt samspel som kan fremja samtale, refleksjon og bidra til å utvikle kompetansar i teamet. Gjennom møteverksemd kan teamet også utvikla løysningar i arbeid med sårbare barn. Når teamet ikkje får gjennomføre møter jamleg kan det difor vere oppfølging av sårbare barn det påverkar.

Samarbeid i teamet og med barnehagen er viktig for å kunna leggja til rette for sårbare barn, men samarbeid med instansane utanfor barnehagen er også viktig. Gjennom statusrapport 12 for kva konsekvensar smittevernstiltaka rundt covid-19 har for barn og unge ser me kor viktig det er at tilbod for barn og unge vert haldt opne og at tilboda held ein god kvalitet. Rapporten synar at å stenge ned tilboda for barn og unge kan leia til dårlegare psykisk helse hjå barn og unge, at det kan verte fleire sårbare barn og fleire barn i sårbare heimesituasjonar (Regjeringa, 2021, s.6-7). Informantane skildrar samarbeidet med andre instansar som tidkrevjande, for å følgja opp sårbare barn. Dette er noko dei ikkje nødvendigvis har tid til i ein travel kvardag. Her burde samarbeidet vore enklare slik at ein

ikkje vegrar seg for å søkje hjelp hjå andre instansar. Alle instansane rundt barn og unge arbeider for barn sitt beste, og at instansane samarbeider på ein god måte er viktig for å kunna leggja til rette og følgja opp sårbare barn.

5.2.5 Korleis betra arbeidet med sårbare barn?

Om informantane våre fekk velja eit tiltak frå øvste hylle som skulle betre arbeidet med å oppdaga og følgja opp sårbare barn, svarte informantane at dei ville ha auka bemanninga. Informant B sa at ho ville hatt to ekstra tilsette i teamet til ei kvar tid, og informant A ynskja heile teamet på arbeid samtidig. På grunn av økonomi og barnehagen si opningstid kan ikkje auka bemanning setjast i verk. Auka bemanning er tiltaket informantane utan å nøle seier hadde betra arbeidet med sårbare barn. Burde me arbeida betre og meir for å gjennomføra auka bemanning?

Politikarane vil sikra god bemanning i barnehagen og difor har staten kome med ei bemanningsnorm i barnehagen. Bemanningsnorma fastsett kor mange vaksne som skal arbeida i barnehagen per barn, og denne må barnehagen følgja. Bemanningsnorma er eit skritt i rett retning, men kor mange timar i løpet av ein dag følgjer barnehagen norma? Informant A fortel at heile personalet er samtidig på avdelinga 1-2 timar i løpet av ein dag...

Tilstadeverande vaksne, med fullt fokus på barna var viktig for å oppdaga sårbare barn. Om ein har ein tilsett på arbeid heile dagen som utfører dei praktiske arbeidsoppgåvene som oppvask og matlaging, ville det leia til at dei tilsette som er tilstade i barnehagen kan vere fullt tilstade med og for barna heile dagen.

Barnehagane eller kommunane har ikkje meir ressursar eller økonomi til å tilsetje ekstra personale utanom bemanninga som er gitt i bemanningsnorma. Me er samd med informantane at å auke bemanninga ville vore eit tiltak for å oppdaga og følgja opp sårbare barn. Me syntast at politikarane burde arbeida for auka bemanning i barnehagen. I teorien er bemanningsnorma god. Om politikarane som har utarbeida bemanningsnorma hadde prøvd norma ut i praksis sjølv i barnehagen, ville politikarane kanskje funne ut at bemanningsnorma ikkje fungerer som den var tenkt.

6.0 Oppsummering

Problemstillinga for denne bacheloroppgåva har vore «Korleis kan pedagogisk leiar arbeida for å oppdaga og følgja opp sårbare barn i barnehagen?». Formålet med oppgåva har vore å auka kunnskap og medvita om sårbare barn i barnehagen for oss studentar, men også for heile barnehageprofesjonen. Sårbare barn med diagnoser/funksjonsnedsettingar er det forska ein del på, og me valte difor å ikkje fokusera på denne barnegruppa i vår forsking. Grunnen til at me valte denne problemstillinga, med fokus på barn utan diagnoser, var fordi me syntes temaet fekk lite fokus i barnehagekvardagen og i barnehagelærerutdanninga.

For å finne svar på problemstillinga har me funne relevant teori og intervjuet tre pedagogiske leiarar som arbeider i barnehagen. Informantane hadde fleire gode erfaringar med sårbare barn som me fekk innblikk i. Me fekk sjå kva fagleg grunnlag som finst og kva som skjer i praksis.

Våre funn synar faktorar som er viktig med sårbare barn, korleis informantane la til rette for sårbare barn, kva risikofaktorar som er vanleg, kva rutinar informantane har for å oppdaga og følgja opp sårbare barn, korleis foreldresamarbeidet og teamarbeidet er. Dei tre ulike barnehagane arbeida med dette på ulike måtar, men hadde likevel ein del fellestrekk. Alle informantane fortel at familiære årsakar, som nettverk og familiesituasjonar var risikofaktorane dei såg oftast. Dette synar at det er viktig at barnehagen er ein beskyttelsesfaktor med eit godt og trygt miljø for barna.

Ved å samanlikna teorien og det informantane våre seier, har me kome fram til nokre tiltak som er viktig i arbeidet med sårbare barn. Det tiltaket alle saman syntes hadde hatt størst effekt er å auke bemanninga i barnehagen eller hatt full bemanning heile dagen. Dette må til for at barnehagen skal kunne vere ein god beskyttelsesfaktor for barna. Auka bemanning vil gi personalet meir tid og gjere det lettare å vere tilstadeverande, og oppdaga og følgja opp sårbare barn.

Meir tid i barnehagekvardagen er noko ein treng for å gjennomføra dei andre tiltaka me har funne. Å skape god tilknytning for alle barna og nytte observasjon er to tiltak me ser på som sentrale i arbeidet med sårbare barn. At barna har minst ein trygg tilknytning i barnehagen vil gjere barna tryggare, og styrkja barnehagen sin funksjon som beskyttelsesfaktor. Funna våre synar at det oftast er pedagogar som gjer systematisk observasjon, medan andre medarbeidarar ofte gjer usystematisk observasjon. Observasjon, men særleg systematisk observasjon kan gjere det lettare å oppdaga sårbare barn og identifisera kva som er

utfordrande for dei sårbare barna. Slik kan ein lettare setja inn tiltak, drøfta utfordringane med foreldra og ha eit grunnlag for drøfting ut frå observasjonane med teamet.

Gode mål/rammer/rutinar er ein faktor som kan bidra til å oppdaga og følgja opp sårbare barn. Ingen av informantane hadde nedskrivne mål/rammer/rutinar. Dette var utfordrande grunna tid, ressursar og kor forskjellige sakene kunne vere. Ein anna faktor me ser som viktig i arbeidet med sårbare barn er eit godt foreldresamarbeid, med god kommunikasjon og tillit. Foreldra er barnehagen sin viktigaste samarbeidspartner, og me er avhengig av foreldra for å gjere det beste for barna.

Eit siste tiltak me vil trekkje fram i arbeidet med sårbare barn er kunnskapsheving hjå heile personalet. I tillegg tenkjer me at personalet kan bestå av fleire barnehagelærarar, slik at fagkunna aukar og dei kan formidla dette til dei andre tilsette. Me som framtidige barnehagelærarar meiner at ved å auka kunnskap om sårbare barn hjå alle tilsette kan det gjere det lettare å oppdaga og følgja opp sårbare barna. Kunnskap om kva eit sårbart barn kan vere, kva risikofaktorar som finst, korleis leggje til rette for sårbare barn, kva instansar ein kan samarbeida med og korleis barnehagen kan verka som beskyttelsesfaktor, er kunnskap me ser på som viktig for å kunne utvikle barn sin resiliens. Då me intervjuar informantane våre erfarte me at ingen nytta omgrepet resiliens. Dette kan tyde på at me treng kunnskapsheving innan dette fagområdet i barnehagelærarprofesjonen.

Gjennom bacheloroppgåva har me fått eit betre innblikk i pedagogisk leiar sitt arbeid med sårbare barn, men også ei medvit om at barnehagen kontinuerleg kan utvikla kompetansar om å oppdaga og følgja opp sårbare barn. Me sit igjen med mykje ny kunnskap som me tenkjer vil vere relevant for oss som barnehagelærarar å ta med oss inn i arbeidslivet. Me håpar at oppgåva også kan gi barnehageprofesjonen eit større innblikk i temaet. Sjølv om me har fått ny kunnskap om sårbare barn, meiner me likevel at me vil få meir kunnskap når me kjem ut i arbeidslivet.

Litteraturliste

Aasen, W. (2018). *Teamledelse i barnehagen*. (2.utg). Fagbokforlaget.

Barne- og likestillingsdepartementet & Kunnskapsdepartementet. (05.08.2015). *Til barnets beste- samarbeid mellom barnehage og barnevernstjenesten*.

https://www.udir.no/globalassets/filer/barnehage/veiledere/veileder_til_barnets-beste_2009.pdf

Barnehageloven. (2005) *Lov om barnehager*. (LOV-2005-06-17-64). Lovdata.

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64>

Bergset T. (2013). *Sårbare barn: Barn født av kvinner under legemiddelassistert rehabilitering har mer problemer knyttet til oppmerksomhet, finmotorikk og arbeidsminne*/[Doktorgradsavhandling].

Bergsland, M. D. & Jæger, H. (2014). *Bachelor oppgaven i barnehagelærer utdanningen*. Cappelen Damm AS.

Borge, A. I. H. (2018). *Resiliens – risiko og sunn utvikling* (3.utg). Gyldendal.

Carson, N & Birkeland, Å. (2017). *Veiledning for barnehagelærere*. Cappelen Damm Akademisk.

Claussen, C. J. (2010). *Det er noe med den ungen. Fra bekymring til handling*. (2. utgave)

Dalland, O. (2020) *Metode og oppgaveskriving* (7.utg). Gyldendal.

Drugli M. B. & Onsjøien R. (2010). *Vanskelige foreldresamtaler – gode dialoger*. Cappelen Damm Akademisk.

Endr. i forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehager. (2018). *Forskrift om endring i forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehager*.

(FOR-2017- 12-19-2418). <https://lovdata.no/dokument/LTI/forskrift/2017-12-19-2418>

Folkehelseinstitutt. (Februar 2015). *Sårbare barn i barnehagen - betydningen av kvalitet.*

(Rapport 2015:2). <https://www.fhi.no/publ/2015/sarbare-barn-i-barnehagen/>

Forskningsetikkloven. (2017). *Lov om organisering av forskningsetisk arbeid (LOV – 2017 –*

04 – 28 – 23). <https://lovdata.no/lov/2017-04-28-23>

Gunnestad, A. (2014). *Resiliens som tilnærming i arbeid med barn som trenger særskilt*

hjelp. I Palma Sjøvik (red.), *En barnehage for alle* (s. 324-352). Universitetsforlaget.

Glaser, V. (2018). *Foreldresamarbeid: barnehagen i et mangfoldig samfunn.* (2.utg.)

Universitetsforlaget.

Hansen, C. L. (2014). *Sårbare barn i barnehagen. Den lille boken om de store svikene.*

Kommuneforlaget

Kunnskapsdepartementet. (2017). *Rammeplan for barnehagen: Forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver.* Udir.

<https://www.udir.no/globalassets/filer/barnehage/rammeplan/rammeplan-for-barnehagen-nynorsk2017.pdf>

Killén, K. & Olofsson, M. (2003). *Det sårbare barnet - Barn, foreldre og*

rusmiddelproblemer. Kommuneforlaget.

Kvale, S. & Brinkmann, S. (2015). *Det kvalitative forskningsintervju.* (3. utgave). Gyldendal

Norsk Forlag.

Kvelling, Ø. (2010). *Barn i risiko – skadelege omsorgssituasjoner.* Gyldendal akademisk.

Kvistad, K. J., & Søbstad, F. (2005). *Kvalitetsarbeid i barnehagen.* (8.utg) Cappelen

akademisk forlag.

Knutsen, I., R. (red.), Howe, A., Høium, K., Kvernmo, G. (2005). *Studenten som forsker i*

utdanning og yrke – Vitenskapelig tenkning og metodebruk. (4.utg.). Høgskolen i

Akershus, læremidler for profesjonsutdanning

Løkken, G. og Søbstad, F. (2013). *Observasjon og intervju i barnehagen* (3.utg).

Universitetsforlaget

Powell, B., Cooper, G., Hoffman, K. og Marvin, B. (2015) *Trygghets sirkelen en tilknytningsbasert intervensjon*. (5. utg) Gyldendal Norsk Forlag AS.

Regjeringa. (05.03.2021). *Utsatte barn og unges tjenestetilbud under covid-19-pandemien*. (Statusrapport 12).

<https://www.regjeringen.no/contentassets/4fb48ba2174744dab6b9f33cedf5d387/statusrapport-nr-12-fra-koordineringsgruppen-til-bfd.pdf>

Sandseter, E. B. H., Hagen, T. L. & Moser, T. (2013) *Barnas barnehage 3: Kroppslighet i barnehagen. Pedagogisk arbeid med kropp, bevegelse og helse* (2.utg) Gyldendal

Sommer, D. (2014) *Barndomspsykologi*. Fagbokforlaget

Statistisk sentralbyrå. (2021). 09169: *Barn i barnehager, etter alder, oppholdstid per uke og barnehagens eierforhold (K) 1999 – 2020*. (Statistikk). <https://www.ssb.no/barnehager>

Taguchi, H.L. (2015). *Hvorfor pedagogisk dokumentasjon?* Universitetsforlaget.

Utdanningspeilet (2019). *Barnehage*. Utdanningsdirektoratet.

<https://www.udir.no/tall-og-forskning/finn-forskning/tema/utdanningspeilet-2019/barnehage/>

Vedlegg

Vedlegg 1: Informasjonsskriv med samtykkeerklæring

Vil du delta i forskningsprosjektet “Sårbare barn i barnehagen”

Dette er eit spørsmål til deg om å delta i eit forskningsprosjekt der formålet er å forske på korleis pedagogisk leiar arbeidar for å oppdaga og følgje opp sårbare barn. I dette skrivet gir me deg informasjon om måla for prosjektet og kva deltaking vil innebære for deg.

Formål

Me er tre studentar som skal skrive ein bacheloroppgåve i barnehagelærerutdanninga. Me skal forska på sårbare barn, som me i dette tilfelle definerer som dei barna som har mange/store risikofaktorar og få beskyttelsesfaktorar, og som treng meir merksemd og tilrettelegging. Me vil i denne oppgåva fokusera på dei barna som ikkje har fastsette diagnosar.

Risikofaktorar kan vere: fattigdom, helseproblem under fødsel eller medfødde misdanningar, alkoholisme, vold, lite stabilitet i heimen, mentale lidningar o.l. Me ynskjer å fordjupa oss i tema som blant anna foreldresamarbeid, teamleing og observasjon. Me vil finna ut korleis barnehagen oppdagar sårbare barn og korleis dei arbeidar med tilrettelegging for dei sårbare barna.

Problemstillinga:

“Korleis kan pedagogisk leiar arbeida for å oppdaga og følgja opp sårbare barn?”

Kven er ansvarleg for forskningsprosjektet?

Høgskulen på Vestlandet institutt for pedagogikk, religion og samfunnsfag er ansvarlig for prosjektet.

Kvifor får du spørsmål om å delta?

Me ynskjer å intervjuje pedagogiske leiarar i barnehagen. Me ynskjer at informantane skal vere pedagogiske leiarar, fordi det er dei pedagogiske leiarane som har hovudansvar for barna og det pedagogiske arbeidet i barnehagen. Pedagogisk leiar er den som leiar teamet i barnehagen, og vil difor ha eit godt grunnlag til å svare på vegne av teamet.

Informantane må ha arbeida i minst to år for å sikra at dei har nok grunnlag til å svare godt på spørsmåla. Det vil vere 3 informantar.

Kva inneber det for deg å delta?

Me ynskjer å nytte intervju for å gå i djubden på problemområdet. Me nyttar semistrukturert intervju, som vil sei at det vert både planlagde og spontane spørsmål. Med lyd opptakar samlar me inn opplysningar, samtidig som me vil ta notatar undervegs i intervjuet. Om du vel å delta inneber det eit intervju på ca.30-45 minuttar. Intervjuet vil innehalde spørsmål om sårbare barn, dine eigne erfaringar som barnehagelærer rundt korleis personalet kan hjelpe sårbare barn, foreldresamarbeid og teamarbeid.

Det er frivillig å delta

Det er frivillig å delta i prosjektet. Om du vel å delta, kan du når som helst trekkja samtykket tilbake utan å oppgi noko grunn. Alle dine personopplysningar vil då verta sletta. Det vil ikkje ha nokon negative konsekvensar for deg om du ikkje vil delta eller seinare vel å trekkja deg.

Ditt personvern – Korleis me oppbevara og nyttar dine opplysningar

Me vil berre bruka opplysningane om deg til formåla me har fortalt om i dette skrivet. Me behandlar opplysningane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket.

- *Studentane og rettleiar er dei einaste som vil ha tilgang til dei innsamla opplysningane.*
- *Namn og anna kontaktinformasjon vil ikkje verta oppbevart saman med svara som vert gitt i intervjuet. Namn vil verte koda og anonymisert for å bevare personopplysningar.*

Personopplysningar vil berre verta nytta til kontakt mellom studentar og informant, og til samtykke. Alle personopplysningar og lydopptak vert sletta ved prosjektet slutt.

- *Du som deltakar vil ikkje kunne verta gjenkjend i bacheloroppgåva.*

Kva skjer med opplysningane dine når me avsluttar forskingsprosjektet?

Prosjektet skal etter planen avslutta 31.Juli 2021. Etter prosjektslutt vil personopplysningar og notater verta sletta og makulert.

Dine rettigheter

Så lenge du kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i kva personopplysningar som er registrert om deg, og å få utlevert ein kopi av opplysningane
- å få retta personopplysningar om deg
- å få sletta personopplysningar om deg
- å sende klage til Datatilsynet om behandlinga av dine personopplysningar.

Kva gir oss rett til å behandla personopplysningar om deg?

Me behandlar opplysningar om deg basert på ditt samtykke.

På oppdrag frå *Høgskulen på Vestlandet* har NSD – Norsk senter for forskningsdata AS vurdert at behandlinga av personopplysningar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

Om du har spørsmål knyta til NSD si vurdering av prosjektet, kan du ta kontakt med:

NSD – Norsk senter for forskningsdata AS på e-post (personverntjenester@nsd.no) eller på telefon: 55 58 21 17.

Med vennleg helsing

Wenche Aasen

Rettleiar

XXXX, XXX & XXXXX

Studentar

Samtykkeerklæring

Eg har mottatt og forstått informasjon om prosjektet «*sårbare barn i barnehagen*», og har fått moglegheit til å stilla spørsmål.

Eg samtykkjer til:

- å delta i intervju som vert brukt i bacheloroppgåva
- at det blir tatt lydopptak av intervjuet

Eg samtykkje til at mine opplysningar vert behandla fram til prosjektet er avslutta.

Underskrift:

Vedlegg 2: Intervjuguide

Problemstilling:

Korleis kan pedagogisk leiar arbeida for å oppdaga og følgja opp sårbare barn?

Informasjon/teorigrunnlag for oppgåva

Me skriv ei bacheloroppgåve der me forskar på korleis pedagogisk leiar kan arbeida med sårbare barn i barnehagen. Me ynskjer å finna ut korleis ein oppdagar sårbare barn, korleis teamet arbeider med sårbare barn, korleis ein kan leggje til rette for dei og kva type tilrettelegging barna har behov for.

Alle barn er sårbare, og alle vaksne. Alle kan vera sårbare i ulike situasjonar. Sårbare barn er difor eit vidt omgrep og me må difor gjera eit utval. I denne oppgåva ynskjer me å fokusere på dei barna som har behov for meir tilrettelegging i barnehagen enn det som er «normalen», men som ikkje har ei diagnose som krev det. Dei barna som ein må bruke meir tid og ressursar på, men som ikkje nødvendigvis har krav på det. Sårbare barn er for friske/velfungerande til å få vedtak om ekstra tilrettelegging, men krev likevel meir av personalet. Me syntes tilrettelegging for barna med diagnoser/funksjonshemmingar er eit godt dekkja tema, me kjem ikkje til å fokusere på denne barnegruppa.

I oppgåva nyttar me resiliensteori for å skilja ut sårbare barn. Resiliens tyder å fungera godt trass erfaringar med alvorleg risiko (Borge, 2018, s.11). Resiliens omhandlar eit materiale si evne til å gjenvinne si opphavelige form etter å ha vorte strukke, bøygde eller pressa. I barnehagen handlar det om barn som «gjenvinn si form» og utviklar seg positivt trass motgang, vanskelegheit og negative omgivingar (Gunnestad, 2007, s.301).

Me nyttar omgrepa risikofaktorar og beskyttelsesfaktorar for å vurdere om barna er utsatt for og verte meir sårbare enn andre. Summen av eit individ sine risikofaktorar og beskyttelsesfaktorar er det som dannar grunnlaget for resiliens. Risikofaktorar og beskyttelsesfaktorar kan vere faktorar i barnet, barnet sitt miljø eller kulturen det lev i som påverkar det positivt eller negativt. Risikofaktorar kan t.d. vere medfødde skadar, sjukdom, temperament, misshandling, omsorgssvikt, dårlige vennsrelasjonar o.l.

Beskyttelsesfaktorar er faktorar som reduserer verknaden av risikofaktorane, reduserer negative konsekvensar, fremjar positivt sjølvbilete og legg til rette for god fungering.

Beskyttelsesfaktorar kan vere trygge tilknytingar, t.d. ein lærar, trenar, tante eller foreldre, ein god plass å vere, t.d. skule, barnehage eller fritidsaktivitet, eigenskapar/ferdigheiter hjå individet, religiøs tru og liknande. (Gunnestad, 2014, s. 324-326)

Teieplikt:

Me minnar om at dei har teieplikt. Intervjua vil omhandle sårbare barn, og alle må difor omtale sine erfaringar på ein måte som ikkje gjer enkeltbarn identifiserbare. Informantar og alle opplysningar vil vere anonymisert i oppgåva.

Tema:

- Sårbare barn
- Teamarbeid.
- Foreldresamarbeid.
- Korleis den enkelte avdeling arbeider.

Oppbygging av intervju

Intervjuet vil vere eit semistrukturert intervju. Nokre overordna tema og spørsmål vil vere gitt på førehand, men det kan komme oppfølgingsspørsmål under vegs.

Intervjuet vil vare ca. 30-45 minutt og gå føre seg digitalt.

Kort om:

- Kven er du?
- Kven er me og kva «roller» me vil ha gjennom intervjuet.
- Kort om oppgåva vår og problemstillinga.

Spørsmål:

Kva er dine erfaringar med sårbare barn?

- Har du erfaring med arbeid med sårbare barn? På kva måte? Kva ekstra tilrettelegging hadde desse barna behov for?
- Korleis oppdaga risikofaktorar og beskyttelsesfaktorar hjå sårbare barn?
- Kva risikofaktorar har desse barna hatt?

Korleis er din rolle som pedagogisk leiar i arbeid med sårbare barn?

- Korleis blir tilsette i teamet inkludert?

- Korleis opplever teamet arbeidet med sårbare barn? Har du inntrykk av at alle i teamet ditt har god kunnskap om kva eit sårbart barn er? Og kva som gjer dei sårbare?
- Korleis arbeider teamet med tilknytning?
- Korleis blir foreldre inkludert? Korleis opplev du samarbeidet med foreldra i slike situasjonar?

Har dykk nedskrivne mål, planer eller prosedyrar/verktøy i arbeidet med sårbare barn?

- Har avdelinga/du erfaring frå samarbeid med andre instansar?
- Kva tiltak har teamet for å sjå alle barn kvar dag?
- Nyttar dykk observasjon? Korleis nyttar dykk observasjon?
- Kor ofte gjer du observasjonar av barna? Kor ofte gjer dei andre teammedlem observasjonar av barna?

Korleis arbeider teamet med barna sine risiko- og beskyttelsesfaktorer?

- Korleis ser du på vegen vidare og arbeid med sårbare barn?

Kvifor ynskja du å vere med på intervjuet?

Noko anna du ynskjer å leggje til?

Tusen takk for at du ynskja å stilla på intervjuet!

Vedlegg 3: Godkjenning frå NSD

20.4.2021

Meldeskjema for behandling av personopplysningar



NSD sin vurdering

Prosjektittel

Bacheloroppgåve i barnehagelærerutdanninga. Problemstilling: "Korleis kan pedagogisk leiar arbeida for å oppdaga og følgja opp dei sårbare barna?"

Referansenummer

[Redacted]

Registrert

[Redacted]

Behandlingsansvarlig institusjon

Høgskulen på Vestlandet / Fakultet for lærerutdanning, kultur og idrett / Institutt for pedagogikk, religion og samfunnsfag

Prosjektansvarlig (vitenskapelig ansatt/veileder eller stipendiat)

[Redacted]

Type prosjekt

Studentprosjekt, bachelorstudium

Kontaktinformasjon, student

[Redacted]

Prosjektperiode

10.12.2020 - 31.07.2021

Status

17.03.2021 - Vurdert